

MERKNADSVURDERING

1160-15-09 – Endring for del av Nerheim næringsområde,
Ølen

Oppsummering av utsegner ved oppstart av planendring

INNHALDSLISTE

1	VED PLANOPPSTART:	5
1.1	<i>Offentlege instansar:</i>	5
1.1.1	Rogaland fylkeskommune – Plan og arealforvaltning, datert 20.11.2025	5
1.1.2	Statsforvaltaren i Rogaland, datert 19.11.2025	9
1.1.3	Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), datert 05.11.2025	15
1.1.4	Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB), datert 29.10.2025	19
1.1.5	Fagne AS, datert 28.10.2025 og 04.11.2025	21
1.1.6	Mattilsynet, datert 04.11.2025	22
1.1.7	HIM, datert 18.11.2025	23
1.1.8	Statens vegvesen, datert 20.11.2015	24
1.2	<i>Private merknadar og organisasjonar:</i>	27
1.2.1	Merknad frå Eurojuris på vegne av Berge Sag Gruppen, mottatt 06.11.2025	27
1.2.2	Merknad frå Tore Tverå pva. 214 personar, mottatt 28.10.2025	33
1.2.3	Merknad frå Audun Økland og Gitte P. Halvorsen mottatt 03.11.2025	41
1.2.4	Merknad frå Astri og Tore Tverå, datert 07.11.2025 og 19.11.2025	43
1.2.5	Merknad frå Mona Opheim, datert 07.11.2025	48
1.2.6	Merknad frå Ove Ivesdal og Gyri Windsand, datert 07.11.2025	53
1.2.7	Merknad frå Torbjørn Søndena, datert 07.11.2025	55
1.2.8	Merknad frå John Harald Mannes, datert 09.11.2025	57
1.2.9	Merknad frå Arnfinn Harald Øverland, datert 10.11.2025	58
1.2.10	Merknad frå Jan Huseby, datert 10.11.2025	60
1.2.11	Merknad frå Peder Mosdal, datert 10.11.2025	65
1.2.12	Merknad frå Ann Iren Mosdal, datert 11.11.2025	67
1.2.13	Merknad frå Lars Gunnar og Monica Berge, datert 12.11.2025	69
1.2.14	Merknad frå Ølen Grendautval, datert 16.11.2025	71
1.2.15	Merknad frå Bjørn Alvseike, datert 17.11.2025	78
1.2.16	Merknad frå Gerd Rødne, datert 18.11.2025	83
1.2.17	Merknad frå Lars Magnar Heggebø, datert 18.11.2025	85
1.2.18	Merknad frå Linda Sjø, datert 18.11.2025	87
1.2.19	Merknad frå Margunn Karin Heggebø, datert 18.11.2025	89
1.2.20	Merknad frå Tor Martin Heggebø, datert 18.11.2025	91
1.2.21	Merknad frå Thea Helgesen, datert 19.11.2025	93
1.2.22	Merknad frå Apotek 1 Ølen, datert 19.11.2025	95
1.2.23	Merknad frå Gunn Jorunn Heggebø, datert 19.11.2025	99
1.2.24	Merknad frå May Britt Stolpe, datert 19.11.2025	101
1.2.25	Merknad frå Mona Nortveit, datert 19.11.2025	103
1.2.26	Merknad frå Sondre Nortveit, datert 19.11.2025	105
1.2.27	Merknad frå Butikksjef Anne Sofie Handeland - Hageland Hebnes Ølen, datert 19.11.2025	107
1.2.28	Merknad frå Hageland Hebnes Ølen, datert 19.11.2025	110
1.2.29	Merknad frå Jørn Tverå, datert 19.11.2025	114
1.2.30	Merknad frå Tormod Markhus, datert 19.11.2025	116
1.2.31	Merknad frå Kristoffer Ebne, datert 19.11.2025	118
1.2.32	Merknad frå Ole og Gro Inger Hvidtsten, datert 19.11.2025	120
1.2.33	Merknad frå Reidun Wåge, datert 19.11.2025	121
1.2.34	Merknad frå Ruth C. Økland, datert 19.11.2025	123
1.2.35	Merknad frå Silje Nerheim og Henrik Vestbø Tokheim, datert 19.11.2025	125
1.2.36	Merknad frå Sissel Åsheim, datert 19.11.2025	127
1.2.37	Merknad frå Sunniva Steinsland og Runar Mosdal Havsgård, Ine(0) og Peder Mosdal (2), datert 19.11.2025	129

1.2.38	Merknad frå Venche Staknes, datert 19.11.2025.....	132
1.2.39	Merknad frå Ådne Nærheim, datert 19.11.2025.....	134
1.2.40	Merknad frå Olaf A. Hamre, Sven Ove Hamre og Gunnlaug Hamre, datert 14.11.2025.....	136
1.2.41	Merknad frå Gustava Frederikke Gartun, datert 20.11.2025.....	138
1.2.42	Merknad frå Pablo Olav Teita, datert 20.11.2025.....	139
1.2.43	Merknad frå Else S. Halleland og Svein Brekke, datert 20.11.2025.....	141
1.2.44	Merknad frå Gunn Rakel Tjelle Jarmer, datert 20.11.2025.....	143
1.2.45	Merknad frå Solveig I Solheim, datert 20.11.2025.....	145
1.2.46	Merknad frå Helene Økland, datert 20.11.2025.....	147
1.2.47	Merknad frå Runar Mosdal, datert 20.11.2025.....	148
2	VEDLEGG	150
2.1	Rogaland fylkeskommune – Plan og arealforvaltning, datert 20.11.2025.....	150
2.2	Statsforvaltaren i Rogaland, datert 19.11.2025.....	150
2.3	Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), datert 05.11.2025	150
2.4	Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB), datert 29.10.2025	150
2.5	Fagne AS, datert 28.10.2025 og 04.11.2025	150
2.6	Mattilsynet, datert 04.11.2025	150
2.7	HIM, datert 18.11.2025.....	150
2.8	Statens vegvesen, datert 20.11.2025.....	150
2.9	Merknad frå Eurojuris på vegne av Berge Sag Gruppen, datert 06.11.2025.....	150
2.10	Merknad frå Tore Tverå pva. 214 personar, datert 28.10.2025.....	150
2.11	Merknad frå Audun Økland og Gitte P. Halvorsen, datert 03.11.2025	150
2.12	Merknad frå Astri og Tore Tverå, datert 07.11.2025 og 19.11.2025.....	150
2.13	Merknad frå Mona Opheim, datert 07.11.2025.....	150
2.14	Merknad frå Ove Ivesdal og Gyri Windsand, datert 07.11.2025.....	150
2.15	Merknad frå Torbjørn Søndena, datert 07.11.2025	150
2.16	Merknad frå John Harald Mannes, datert 09.11.2025.....	150
2.17	Merknad frå Arnfinn Harald Øverland, datert 10.11.2025.....	150
2.18	Merknad frå Jan Huseby, datert 10.11.2025.....	150
2.19	Merknad frå Peder Mosdal, datert 10.11.2025.....	150
2.20	Merknad frå Ann Iren Mosdal, datert 11.11.2025.....	150
2.21	Merknad frå Lars Gunnar og Monica Berge, datert 12.11.2025	150
2.22	Merknad frå Ølen Grendautval, datert 16.11.2025.....	150
2.23	Merknad frå Bjørn Alvseike, datert 17.11.2025	150
2.24	Merknad frå Gerd Rødne, datert 18.11.2025.....	150
2.25	Merknad frå Lars Magnar Heggebø, datert 18.11.2025	150
2.26	Merknad frå Linda Sjo, datert 18.11.2025.....	150
2.27	Merknad frå Margunn Karin Heggebø, datert 18.11.2025	150
2.28	Merknad frå Tor Martin Heggebø, datert 18.11.2025	150

2.29	Merknad frå Thea Helgesen, datert 19.11.2025	150
2.30	Merknad frå Apotek 1 Ølen, datert 19.11.2025	150
2.31	Merknad frå Gunn Jorunn Heggebø, datert 19.11.2025	150
2.32	Merknad frå May Britt Stolpe, datert 19.11.2025.....	150
2.33	Merknad frå Mona Nortveit, datert 19.11.2025	150
2.34	Merknad frå Sondre Nortveit, datert 19.11.2025.....	150
2.35	Merknad frå Butikksjef Anne Sofie Handeland - Hageland Hebnes Ølen, datert 19.11.2025	151
2.36	Merknad frå Hageland Hebnes Ølen, datert 19.11.2025	151
2.37	Merknad frå Jørn Tverå, datert 19.11.2025	151
2.38	Merknad frå Tormod Markhus, datert 19.11.2025	151
2.39	Merknad frå Kristoffer Ebne, datert 19.11.2025	151
2.40	Merknad frå Ole og Gro Inger Hvidtsten, datert 20.11.2025	151
2.41	Merknad frå Reidun Wåge, datert 19.11.2025	151
2.42	Merknad frå Ruth C. Økland, datert 19.11.2025.....	151
2.43	Merknad frå Silje Nerheim og Henrik Vestbø Tokheim, datert 19.11.2025.....	151
2.44	Merknad frå Sissel Åsheim, datert 19.11.2025.....	151
2.45	Merknad frå Sunniva Steinsland og Runar Mosdal Havsgård, Ine(0) og Peder Mosdal (2), datert 19.11.2025, datert 19.11.2025.....	151
2.46	Merknad frå Venche Staknes, datert 19.11.2025.....	151
2.47	Merknad frå Ådne Nærheim, datert 19.11.2025.....	151
2.48	Merknad frå Olaf A. Hamre, Sven Ove Hamre og Gunnlaug Hamre, datert 14.11.2025.....	151
2.49	Merknad frå Gustava Frederikke Gartun, datert 20.11.2025.....	151
2.50	Merknad frå Pablo Olav Teita, datert 20.11.2025.....	151
2.51	Merknad frå Else S. Halleland og Svein Brekke, datert 20.11.2025.....	151
2.52	Merknad frå Gunn Rakel Tjelle Jarmer, datert 20.11.2025	151
2.53	Merknad frå Solveig I Solheim, datert 20.11.2025	151
2.54	Merknad frå Helene Økland, datert 20.11.2025	151
2.55	Merknad frå Runar Mosdal, datert 20.11.2025	151

1 VED PLANOPPSTART:

1.1 Offentlege instansar:

1.1.1 Rogaland fylkeskommune – Plan og arealforvaltning, datert 20.11.2025

Merknaden følgjer i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«Området er sett av til næring i kommuneplanen. I gjeldande reguleringsplan er området sett av til næringsformål og kombinert formål, begge deler spesifisert som industri-, nærings-, handverks og lagerverksemd.

Føremål, utnyttingsgrad og forureining

Fylkesdirektøren har ingen vesentlege merknadar til formålet det blir lagt til rette for. Oppdatert plan må legge til rette for ein effektiv bruk av areala innanfor planområdet.

Fylkesdirektøren legg til grunn at det i planarbeidet blir lagt vekt på å unngå forureining som påverkar naboar, for eksempel støy, lukt og lys.

Ut over dette må føringar i kommuneplanen og relevante føringar i regionale planar følgast opp i vidare arbeid med planforslaget.

Fylkesveg

Når det gjeld transport til og frå området, er det føresett om lag 40 lastebilar per dag. Som ein del av planarbeidet må det gjennomførast ei trafikkvurdering. Den totale ÅDT ut mot fylkesveg 514 må gjerast greie for, og det må dokumenterast at både det regulerte vegnettet innanfor plangrensa og eksisterande fylkesveg 514 er dimensjonerte for den auka trafikkmengda som planendringa medfører. Det må òg sikrast at mjuke trafikantar blir tilstrekkeleg ivaretekne.

Dersom den foreslåtte endringa utløyser behov for utbetring av fylkesvegnettet, skal dette gå fram av planbeskrivinga. Eventuelle nødvendige tiltak skal sikrast gjennom planføresegnene.»

Forslagsstillars kommentar:

I planen er det lagt opp til ei utnytting på inntil 100 % BYA, for å legg til rette for ein effektiv bruk av areala.

Planarbeidet har lagt stor vekt på å vurdere tema som spesielt påverkar naboar. Forureining blir styrt av forureiningsløyve og grenseverdier i anna lovverk. Støy blir styrt av støyretningslinjene T-1442. Lys vil vera i høve til krava for eit slikt anlegg, dette for å sikra ei sikker drift av anlegget både for ferdsle, vedlikehald og kontroll. Frå fylkesveg 514 vil ein ikkje kunna sjå anlegget, jf. Figur 2. Nærmaste bustad i nord ligg ca. 200 m frå anlegget, mellom bustad og næringsområde er det vegetasjon, jf. Figur 3. Nærmaste bustad i sør ligg ca. 200 m frå anlegget, her vil det vera fri innsyn då det ligg kunn dyrka mark i mellom, jf. Figur 4.



Figur 1: Oversikt bildetakingpunkt, kjelde: google maps, rev. Arkipelet



Figur 2: Bilde 1, sett frå fv. 514 ved innkjøyringa til Heiabøvegen 133, kjelde: google streetview



Figur 3: Bilde 2, tatt nord for Heiabøvegen 82 (tv. i bilde), kjelde: google streetview



Figur 4: Bilde 3, tatt frå planområdet sør mot Heiabøvegen 133 (midt i bilde), kjelde: Arkipelet

Planendringa forhald seg til kommuneplanen og føringar i regionale planar.

Fylkesveg

Det er utarbeida ein trafikkvurdering for trafikk knyta til biogassanlegget, av NORWASTE datert 24.11.2025. Av trafikkvurderinga kjem det fram at fylkesvegar og europavegar er dimensjonert for denne type belastning, og at trafikkauke vil vera relativt beskjeden og det er ikkje behov for tiltak. Trygge og samanhengande gang- og sykkelløysningar, tydelege kryssingspunkt og god belysning bør prioriterast for å redusere risiko og ivareta ein sikker ferdsel for alle. Overgangen mellom gang- og sykkelveg og busstoppet i Fv 514 er ikkje merket eller belyst pr.dd.

Statens vegvesen oppgjer at Njordvegen pr.dd. har ein belastning på 250 ÅDT kor 5 % er tunge køyretøy. Biogassanlegget vil føra til at gjennomsnittleg køyretøyturar (ÅDT) vil auke med 54 tunge køyretøy. Totalt vil ÅDT (tunge og lette) for Njordvegen auke frå 250 til 311.

Ut i frå berekningar gjort av Asplan Viak og seinare av NORWASTE kjem det fram at eksisterande vegnett er dimensjonert for den trafikkauken som eit biogassanlegg gir, med den estimerte auka i trafikk frå 250 ÅDT til 311 ÅDT, vegen er dimensjonert til ei total ÅDT på ca. 1800.

Krysset og næringsområde er opparbeid i høve til dagens gjeldande plan, og opparbeidinga er gitt ferdigattest i sak 20/2999, datert 29.11.2023. Ut frå flyfoto i Figur 5 kan ein sjå at anlegg for mjuka trafikantar til dels ikkje er opparbeidd i tråd med dagens gjeldande plan. Det er ved denne planendringa lagt inn rekkjefølgjekrav som sikrar at skilting, belysning, overgangar og manglande fortau blir opparbeidd før det blir gitt bruksløyve for tiltak.



Figur 5: Regulert kryss tv. og th. visa kva som er opparbeidd (blått) og kva som mangla (raudt), kjelde: Asplan Viak og google earth, rev Arkipelet

Rekkjefølgjeføresegnar sikrar opparbeiding av manglande anlegg for mjuke trafikantar;

6.3 Bruksløyve

Før bruksløyve til nye tiltak kan gis:

- skal anlegg for mjuke trafikantar ved FV 514 Sandeidvegen x Njordvegen vere opparbeidd i samsvar med godkjent plan av Rogaland fylkeskommune.

Figur 6: Utklipp frå rekkjefølgjeføresegnene, kjelde: Vindafjord kommune, rev. Arkipelet

1.1.2 Statsforvaltaren i Rogaland, datert 19.11.2025

Merknaden følgjer i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«Statsforvaltaren sine merknader

Statsforvaltaren har følgjande merknader ut frå dei nasjonale og regionale interesser vi er satt til å ivareta etter plan- og bygningslova:

Konsekvensutgreiing

Forskrift om konsekvensutredning § 6 1. ledd bokstav b slår fast at reguleringsplanar for tiltak i vedlegg I alltid skal ha konsekvensutgreiing og ha planprogram eller melding, med unntak der «det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med den tidligere planen». Tilsvarende unntak er gitt i KU-forskrifta § 8 1. ledd bokstav a.

I rettleiar H-2487b Konsekvensutredninger for planer etter plan- og bygningsloven står det i pkt. 1.6 følgjande om unntaka for konsekvensutgreiing i § 6b og 8a:

«Bestemmelsene i §§ 6 b og 8 a, setter to vilkår til når et unntak fra KU-plikt kan påberopes for en reguleringsplan. Det konkrete tiltaket (dvs. prosjekttiltaket som beskrevet i reguleringsplanen) må ha vært utredet på et tiltaksnivå tidligere (se pkt. 1.1 siste avsnitt), og reguleringsplanen for tiltaket må være i samsvar med denne tidligere planen. Unntaket gjelder ikke dersom det bare er gjort en overordnet konsekvensutredning for omdisponering av arealer til utbyggingsformål, for eksempel i forbindelse med revisjon av kommuneplanens arealdel.»

(...)

«Unntaket i §§ 6 b og 8 a er avgrenset til situasjoner der man i en tidligere plan har gjennomført en konsekvensutredning og har utredet de miljømessige og samfunnsmessige virkningene av et konkret tiltak, og som således oppfyller kravene til tiltaksutredninger som følger av EIA-direktivet.»

Vi viser til vedlegg I pkt. 10 som omfattar:

«Avfallsbehandlingsanlegg for forbrenning, kjemisk behandling eller deponering av husholdnings-, nærings- eller farlig avfall, med en kapasitet på mer enn 100 tonn per dag (mindre anlegg omfattes av vedlegg II nr. 11b).

Vi viser også til vedlegg II punkt 3 c om lagring av naturgass på jordoverflata. Tiltak som er i vedlegg II skal konsekvensutgreiast om dei kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn.

Gjeldande reguleringsplan for Nerheim blei vedtatt 28.05.19, og konsekvensutgreiing er datert i august 2017. Tilrettelegging for industri med biogassanlegg har eit anna føremål og verknader i og utanfor planområdet enn det gjeldande plan har lagt til rette for med næring og forretning. Sjølv om bygningsomfang og volumet av nytt tiltak i hovudsak vil vere i tråd med gjeldande plan, er sjølv tiltaket noko heilt anna enn det som er lagt til rette for då gjeldande plan blei utgreidd.

Statsforvaltaren vil med dette be Vindafjord som planmyndigheit til å vurdere krav til KU på nytt. Sentrale tema i ei konsekvensutgreiing vil blant anna vere forureining (støy, støv, lukt og utslepp), klimagassutslepp, energiforbruk, energiløysingar, beredskap og ulykkesrisiko. Det må også visast til eventuelle avbøtande tiltak. Omsynet til natur og vassdrag må vurderast, og nødvendige omsynssoner og føresegner må innarbeidast i planforslaget. Det må vurderast konsekvensar i og utanfor planområdet. Uansett prosess reint formelt, må saka vere tilstrekkeleg opplyst og ta stilling til desse forholda slik at både råka partar, høyringspartar og kommunen har eit tilstrekkeleg vurderingsgrunnlag i saka.

Når det gjeld lukt, er det lite opplysningar om utforming av biogassanlegget og mengdeforholdet mellom avfallstypene (substrata) ein planlegg å ta imot. Ulike avfallstypar har ulikt luktpotensial. Tiltakshavar må også vise til korleis dei ulike avfallstypene skal tas imot ved anlegget, lagringsforhold samt beskriving av luktreinseanlegget. Det er også ein viss fare for utslepp frå biogassanlegg. Risiko og konsekvens av dette må vurderast for miljø og naturmangfald. Det må sikrast krav til desse forholda i planføresegnene. Statsforvaltaren har også spurt om meir informasjon om luktførholda i samband med saksbehandling etter forureiningslova.

Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse), transport og mobilitet

Det er krav om ROS-analyse for alle planar for utbygging, jf. plan- og bygningslova § 4-3. Vi legg til grunn at det blir laga ei ROS-analyse i tråd med DSB sin rettleiar Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging. Denne må ta føre seg alle risiko- og sårbarheits-tilhøve som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremålet og eventuelle endringar i slike tilhøve som følge av planlagt utbygging. Det må vurderast eventuelle avbøtande tiltak som må sikrast i plankart og/eller føresegner, og bruk av eventuelle omsynssoner. Det må vurderast om det er naudsynt med restriksjonar for aktivitet rundt anlegget. Dersom verksemda blir å rekne som ei storulykkeverksemd (etter SEVESO-direktivet), må det utarbeidast ein kvantitativ risikoanalyse (QRA), med risikokonturar, som skal ligge til grunn for ROS-analyse og evt. omsynssoner.

Vi minner om at det ved planlegging av oppbevaring/produksjon av større mengder farleg stoff må søkast om samtykke ifrå DSB, jf. § 17 i forskrift om håndtering av farlig stoff:

<https://www.dsb.no/farlige-stoffer/farlige-stoffer/veiledning/temaveiledning-om-innhenting-avsamtykke/>. Viser også til rettleiar ifrå DSB:

https://www.dsb.no/siteassets/rapporter-ogpublikasjoner/veileder/veileder_om_sikkerheten_rundt_storulykkevirksomheter.pdf

Vi viser til info frå rettleiaren til DSB:

§ 12-5 Arealformål

Arealformålet i reguleringsplanen bør gjenspeile aktiviteten ved storulykkeanlegget, for eksempel industri, lager eller energianlegg. Som buffer mot bebyggelse rundt storulykkevirksomheter vil det være mulig å benytte typiske arealformål som grønnstruktur eller LNFR.

§ 12-6 Hensynssoner

Planområdet bør om mulig utformes slik at det ikke er behov for å etablere hensynssoner. Dersom det ikke er mulig å utforme arealformål og

planbestemmelsene for å ivareta storulykkerisiko med hensyn på annen virksomhet eller omgivelsene for øvrig, må tiltakshaver vurdere behovet for hensynssoner med tilhørende bestemmelser.

Handtering av biorest/gjødsel

Vi råar til at handtering av biorest/gjødsel blir vurdert og omtala i plandokumenta, då dette kan gi verknader for innhaldet i planen.

Det er i varsel om oppstart vist til at anlegget skal ta imot husdyrgjødsel, fiskeensilasje, fiskeslam, kjøkken- og matavfall og at bioresten er tenkt brukt som gjødsel i landbruket i regionen. I forhold til fiskeensilasje, -slam og kjøkken- og matavfall er husdyrgjødsel låg i innhald av fosfor. Avhengig av etterbehandling av biorest vil denne ha eit høgare innhald av fosfor enn husdyrgjødsel som kjem inn. Det er allereie utfordringar i regionen med for mykje fosfor i landbruket. Ved innblanding av biomasse med høgare fosforinnhald vil dette kunne gjere at landbruket ikkje kan nytte like store volum biorest samanlikna med biorest frå berre husdyrgjødsel. For planen inneber dette at det kan vere naudsynt å legge til rette for bygningar for lagring av restråstoff/gjødsel i påvente av uttransportering til andre område med fosforunderskot.

Vi tar atterhald om ytterlegare merknader ved offentleg ettersyn av planforslaget.»

Forslagsstillars kommentar:

Konsekvensutgreiing

Forslagsstillar har vurdert ulike prosessval. Planendringa er vurdert å ikkje utløyse krav om KU etter konsekvensutredningsforskriften, men med bakgrunn i Statsforvaltaren sin uttale til saka og andre merknadar til planoppstart har ein valt å ta inn tema lukt i ein KU-setting. Av *Konsekvensutredning lukt*, utarbeida av Recul, kjem det fram at planlagde anlegget kan etablerast utan at naboar får luktulempar, føresett at dei tekniske løysingane og driftsrutinane beskrivne i planen blir følgde. Dette er fullt ut realistisk for eit moderne anlegg som dette. For nærare omtale om KU sjå kapittel 1.3, 6.1.2 og 8 i planskildringa.

Andre verknadar som blir introduserte gjennom planendringa blir tilfredsstillande handtert gjennom *ROS-analyse*, utarbeida av Teknaconsult. Denne har tilhøyrande støttedokumentasjon, i form av fagrapportar/særskilte utredningar. For nærare omtale om ROS sjå kapittel 7 i planskildringa.

Ved ulike stadia av planarbeidet er det utført særskilte rapportar av fagkunnige for å varetek at etablering av eit biogassanlegg med dei påverknadane detta medføre, utover forhold vurdert i dagens gjeldande plan. Det er vedlagte rapportar;

- Trafikk og mobilitet, *utarbeida av Asplan Viak, datert 26.05.2017*
- Trafikkvurdering, *utarbeida av Norwaste, datert 24.11.2025*
- Luktrisikovurdering – Spredningsberegning av potensielt luktutslipp, *utarbeida av Norwaste, datert 01.10.2024*
- Vurdering av forhold knyttet til lukt, *utarbeida av Recul, datert 23.11.2025*
- Miljøriskovurdering, *utarbeida av Norwaste, datert 11.03.2025*
- Fase 1 Tilstandsrapport – Forurenset grunn i henhold til IED-direktivet, *utarbeida av Norwaste, datert 13.03.2025*
- VA-rammeplan, *utarbeida av Teknaconsult, datert 26.11.2025*
- Vurdering av støy og luftforurensning ifm. reguleringsendring, *utarbeida av Brekke og Strand, datert 26.11.2025*
- Brannteknisk vurdering, *utarbeida av Firesafe, datert 26.11.2025*
- Branndekning, *utarbeida av RH-oppmåling, datert 11.11.2025*
- Konsekvensutredning – lukt, *utarbeida av Recul, datert 03.12.2025*
- KU-sammenstilling, *utarbeida av Teknaconsult, dat. 04.12.2025*

ROS-analyse

Planar for utbygging er festa i ein ROS-analyse som er utført i tråd med DSB sin rettleiar. ROS-analyse er basert på støttedokumentasjon/rapportar utført av fagkunnige, sjå vedlegg *ROS-analyse*. Her er også vurdert avbøtande tiltak som er sikra i føresegrer.

Storulykkeforskrifta er vurdert, og anlegget fell ikkje inn under definisjon som meldepliktig storulykkebedrift grunna storleiken. Biogassanlegg på Nerheim er designet for oppbevaring på inntil 27 tonn. Ut ifrå punkt 18 kan ein sjå at oppbevaring av mindre enn 50 tonn er ikkje definert som meldepliktig Storulykkebedrift.

Kolonne 1		Kolonne 2	Kolonne 3
		Mengdegrense (i tonn) for	
Farlige kjemikalier	CAS-nummer ¹	Meldepliktig virksomhet, jf. § 6	Sikkerhetsrapportpliktig virksomhet, jf. § 9
18. Brannfarlige flytende gasser, kategori 1 eller 2 (herunder LPG og LNG) og naturgass (se merknad 19)	—	50	200

Figur 7: Storulykkeforskrifta, kjelde: lovdata

For nærare utgreiingar kring storulykke sjå kapittel 6.2 i planskildringa.

Substrata ein planlegg å ta imot

På vegne av Biovind AS har Heygaz utarbeida ein *Forhåndsvurdering av biorest*, datert 20.09.2024, jf. vedlegg. Det presiserast at notatet kunn gir ein teoretisk førehandsvurdering av bioresten som vil kunna produserast av det planlagde anlegget til Biovind. For å få eit nøyaktig næringsinnhald i fast og flytande biorest må det takast prøvar av desse fraksjonane og analysera. Det kan først bli gjort når anlegget er satt i drift. Tabell 1 i Figur 8 visar anteke mengde av ulike fraksjonar.

Tabell 1 – Antatt substratblanding og mengder.				
Substrat	Våttvekt [tonn/år]	Andel [%]	Tørrestoff [%]	Tørrestoffmengde [tonn TS/år]
Storfe gjødsel	110 000	49 %	6,1 %	6 710
Svine gjødsel	70 000	31 %	4,9 %	3 430
Kylling gjødsel	8 000	4 %	65,0 %	5 200
Fiskeslam	10 000	4 %	17,0 %	1 700
Fiskeensilasje	2 000	1 %	26,0 %	520
Slakteriavfall, fett/protein	6 000	3 %	85,0 %	5 100
Slakteriavfall, mage/tarm	5 500	2 %	30,7 %	1 689
Slakteriavfall, blod	2 000	1 %	17,1 %	342
Matafall	10 000	4 %	15,2 %	1 520
Kassert kraftfôr	2 500	1 %	88,0 %	2 200
	226 000	100 %	12,6 %*	28 411


* Forventet tørrestoffprosent i blanding.

Figur 8: Utklipp frå dokument «Forhåndsvurdering av biorest», kjelde: Heygaz

Resursar som skal takast i mot ved anlegget skal leverast inne i lukka anlegg med undertrykk. Køyretøy som levera skal spylast før dei køyrer ut av anlegget.

Skildring av luftreinseanlegg

På vegne av Biovind AS har Recul som leverandør av reinse-/ventilasjonsanlegg også gitt ei nærare utgreiing av ulike typar teknologiar for ulike typar kjemiske forbindelsar som bidreg til lukt, sjå vedlegg *Vurdering av forhold knyttet til lukt*, datert 23.11.2025. Vurderinga er gjort ut i frå 20-års erfaring med andre liknande anlegg.



Figur 9: Foreløpig forslag til ulike typar reinseanlegg i ventilasjonen, kjelde: Recul

Handtering biorest/gjødsel

Statsforvaltaren visar til at det er for mykje fosfor i landbruket i regionen, og at det kan vera naudsynt å legg til rette for bygningar for lagring av restråstoff/gjødsel i påvente av uttransportering til andre områder med fosfor underskott. Forslagsstillar visar til at tomte med sin storleik og tilrettelagte høye utnytting vil kunna romma slike bygningar dersom det blir aktuelt.

1.1.3 Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), datert 05.11.2025

Merknaden følgjer i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«Konkrete innspel

Naturfare skal vurderast som ein del av ROS-analysen og ev. utgreiingar må leggst ved planforslaget når det blir sendt på høyring. Områder med reell fare skal avmerkast i plankartet med faresone. Det må knyttast føresegner til faresoner som sikrar at tilstrekkeleg tryggleik mot naturfare blir teke i vare. Eventuelle sikringstiltak bør og avmerkast i plankartet og sikrast i føresegner.

Flaum

Deler av planområdet ligg i aktsemdsområde for flaum (NVE Atlas). Vi føreset at reell flaumfare blir avklara som ein del av planarbeidet. Planen må kunne dokumentere at tryggleikskrava til TEK17 § 7-2 blir oppfylte. For meir informasjon viser vi til NVEs veileder 3/2023 - Sikkerhet mot flom. Langs små vassdrag (nedbørsfelt < 20 km²) bør byggegrense til vassdraget vere minimum 20 m.

Vi rår ifrå tiltak som vil medføre utfylling i vassdrag. Der det ikkje er mogleg å unngå tiltak i vassdrag må det visast til kompenserande tiltak for å avgrense skadeverknadar. Eventuelle tiltak i og langs vassdrag må ikkje auke flaum- eller erosjonsfare nedstraums. Kantvegetasjon må takast i vare.

Overvatn

Vi rår til at eit klimajustert 100-årsregn blir lagt til grunn ved kartlegging av fare frå overvatn. Reguleringsplanen bør vise korleis overvatn skal handterast i plankart og føresegner. Utbygginga må ikkje auke avrenning frå planområdet til naboeigedomar og avrenning må leiast trygt til resipient.

For meir informasjon om korleis overvatn bør handterast i arealplanlegginga viser vi til NVEs rettleiare 2/2023 – Kartlegging av fare fra overvann og 4/2022 – Rettleiar for handtering av overvatn i arealplanar.

Nettanlegg

Dersom det er nettanlegg i området må de ha dialog med netteigar for å avklare korleis nettanlegga skal avmerkast i planen og kva for føresegner som er aktuelle.

Kraftforsyning og energibruk

Det må avklarast om det er tilstrekkeleg med kraft eller om det må søkast om anleggskonseksjon etter energilova for å forsyne biogassanlegget med straum.

Statlege planretningslinjer for klima og energi krev at kommunane skal leggje til rette for å nytte lokale varme- og kjølekjelder, inkludert overskotsvarme. Dersom det er mogleg å nytte overskotsvarme bør planen leggje til rette for tekniske innstallasjoner som er naudsynte for å kunne nytte varmen lokalt. Planskildringa og saksframlegget skal vise korleis nasjonale omsyn til klimagassreduksjon, klimatilpassing og energi er teke i vare.

Generelle råd

For å få eit fullstendig oversyn over korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen rår vi dykk til å nytte våre internettsider for arealplanlegging. Der er

informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå. Vi vil særleg vise til Kartbasert rettleiar for reguleringsplan. Rettleiaren leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse interessene blir vurdert i planarbeidet.

Meld inn fareutgreiingar

Naturfareutgreiingar som er tinga etter 01.01.2025 skal meldast inn til NVE i samsvar med pbl § 2-4 og Forskrift om pliktig innmelding av grunnundersøkelser og naturfareutredninger. Vi ynskjer også å få inn naturfareutgreiingar tinga før denne datoen. Geotekniske grunnundersøkingar skal leverast inn til NGU via NADAG. Informasjon finnast her: Meld inn naturfareutredninger - NVE.

NVE si oppfølging av planarbeidet

Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Det er viktig at alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde er vedlagt. Vi ber om at alle plandokument blir sendt elektronisk til NVE. NVE prioriterer å gi innspel og uttale til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.»

Forslagsstillars kommentar:

Flaum

Flaumfare er vurdert i gjeldande reguleringsplan og handtert i samband med byggjemodninga av næringsområdet, jf. vedlegg Dimensjoneringsnotat overvann, av Asplan Viak dat. 03.03.21. Med dette ligg det ikkje føre flaumfare i planområdet.

Overvatn

Kommuneplans føresegner § 1 g) seier;

Nedbør skal fortrinnsvis gis avløp gjennom infiltrasjon i grunnen og i opne vassvegar. Reguleringsplanar skal identifisera og sikra areal for overvasshandtering og skildra korleis løysingane kan gi nye bruksmessige og visuelle kvalitetar til det offentlege rommet. VA-rammeplan skal vera del av reguleringsplanar ved behov.

Gjeldande reguleringsplan føresegner pkt. 2.2 seier;


Overvatn frå planområdet har avrenning til Eideelva og bekkeløp i nordvest. Ved utbygging skal overvatn fordrøyast innanfor planområdet gjennom ein kombinasjon av infiltrasjon og fordrøyning av tak- og overflatevatn.

Løysingar for handtering av overvatn skal inngå i teknisk plan, både for anleggsperioden og for ferdig opparbeida areal. Tilstrekkeleg store avskjerande grøfter, fordrøyingssareal, nødvendige sandfang og fangdammar skal etablerast for å unngå auka tilførsel av partiklar til vassdraga, for å hindre forureining i anleggs- og i driftsfase og ikkje auka flaumfare i vassdrag.

Utslepp til vassdrag skal ikkje påverke vasskvaliteten slik at tilstandsklassen for resipienten endrast negativt.


Tiltak for handtering av overvatn skal dimensjonerast og prosjekterast i høve til VA-norm for Vindafjord kommune og skal vere del av søknad om byggeløyve eller teknisk plan. Dimensjonering av anlegg for overvatn må ta omsyn til areala oppstraums og nedstraums, både regulerte og uregulerte. Tiltaka skal godkjennast av Vindafjord kommune.

For å varetek handtering av overvatn i høve kommuneplans og reguleringsplanens føresegner er det utarbeida VA-rammeplan, dat. 26.11.2025 av fagkunnig i Teknaconsult, jf. Figur 10. Planområde vil bestå av betydeleg del harde flatar, som krev at handtering av overvatn forsinkast.



Figur 10: VA-rammeplan, kjelde: teknaconsult

Av VA-rammeplan framkjem føreløpig vurdering til løysing av fordryging for å oppnå treleddsstrategien for handtering av overvatn med; *Infiltrasjon, fordryging og sikker avledning*



Figur 11: Treleddsstrategi for handtering av overvatn, kjelde: dibk.no

Nettanlegg

Det er avklart med netteigar Fagne AS at det er påkrevd med eigen nettstasjon for biogassanlegget. Dette er vareteke i føresegner som opnar for at eit nettanlegg kan byggast innanfor formålet. Det er avklart med netteigar at det føreligg tilstrekkeleg kapasitet på nettet i området.

Kraftforsyning og energibruk

Oppgjeve elektrisk konsum på anlegget vil ligg mellom 18-22GWh per år. Dette vil variere noko avhengig av temperaturar og teknologival. Varmebehov for anlegget vil ligge på ca. 14GWh avhengig av overskotsvarme produsert av straumen over. Ein vil jobba for å tilbakeføre overskotsvarme til eiga prosess for å halde nede straumforbruket.

1.1.4 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB), datert 29.10.2025

Merknaden følger i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) viser til plansaken som dere har sendt på høring. DSB har dessverre ikke kapasitet til å gå inn i alle mottatte plansaker og sender derfor automatisk ut dette generelle svaret på slike saker.

Det er Statsforvalteren som skal følge opp at hensynet til samfunnssikkerhet er ivaretatt i plansaker. Statsforvalteren har også et ansvar for samordning av statlige innsigelser til kommunale planer.

DSB har innsigelseskompetanse etter plan- og bygningsloven i plansaker som berører følgende områder:

- Virksomheter som håndterer farlige stoffer herunder storulykkevirksomheter
- Transport av farlig gods
- Brannsikkerhet herunder tunneller og underjordiske anlegg
- Tilfluktsrom (sivilforsvarsdistriktene)

Siden Statsforvalteren har et overordnet ansvar for å følge opp samfunnssikkerhet i planer, vil også disse områdene kunne inngå som en del av Statsforvalterens oppfølging. DSB samarbeider med Statsforvalteren og vil gi faglig innspill til Statsforvalteren dersom det er nødvendig.

Hvis det likevel er behov for direkte involvering av DSB i plansaken, bes det om at høringen sendes inn til DSB på nytt med tydelig angivelse av hvilket forhold det bes om DSBs uttalelse til.

Dersom plansaken gjelder areal knyttet til etablert storulykkevirksomhet eller areal hvor det planlegges etablering av anlegg som sikkert eller muligens vil bli storulykkeanlegg, bes det også om at høringen sendes DSB på nytt. Det må fremgå av oversendelsen at saken gjelder plansak knyttet til anlegg omfattet av storulykkeforskriften.

Vi viser til www.dsb.no for DSBs veileder om samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging og veileder om sikkerheten rundt storulykkevirksomheter.»

Forslagsstillars kommentar:

Ein meina at der ikkje føreligg behov for direkte involvering av DSB i plansaka.

Storulykkeforskrifta er vurdert å anlegget fell ikkje under definisjon som meldepliktig storulykkebedrift grunna anlegget sin storleik. Biogassanlegg på Nerheim er designet for oppbevaring på inntil 27 tonn. Ut ifrå punkt 18 kan ein sjå at oppbevaring av mindre enn 50 tonn er ikkje definert som meldepliktig Storulykkebedrift.

Kolonne 1		Kolonne 2	Kolonne 3
		Mengdegrense (i tonn) for	
Farlige kjemikalier	CAS-nummer ¹	Meldepliktig virksomhet, jf. § 6	Sikkerhetsrapportpliktig virksomhet, jf. § 9
18. Brannfarlige flytende gasser, kategori 1 eller 2 (herunder LPG og LNG) og naturgass (se merknad 19)	–	50	200

Figur 12: Storulykkeforskrifta, kjelde: lovdata

For nærare utgreiingar kring storulykke sjå kapittel 6.2 i planskildringa.

1.1.5 Fagne AS, datert 28.10.2025 og 04.11.2025

Merknaden følger i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«Viser til Detaljregulering Nerheim Næringsområde Arealplan-ID: 1160-15-09

Planlagt tiltak vil kunne medføre behov for økt effektuttak fra strømforsyningsnettet vårt, og det vil av den grunn bli aktuelt å etablere ny(e) nettstasjon(er) innenfor planområdet.

Det er da viktig at det fremgår av planbestemmelsene, at det tillates oppført nye nettstasjoner innenfor planområdet. Evt. Kan det i tillegg, og etter nærmere avtale med Fagne, avsettes egnede areal i plankartet med formål «Energianlegg» eller «Trafo». Trafo må ha sikret adkomst for at Fagne skal kunne vedlikeholde og bytte ut deler/komponenter i trafo/nettstasjon. Adkomstveier må være dimensjonert for lastebil med kran. Videre må adkomst være planlagt/inntegnet i henholdsvis planbestemmelser og plankart. Ellers er det viktig at avstandskrav og branntekniske krav til trafo blir etterfulgt. Mer informasjon om avstandskrav finnes på Fagnes hjemmesider:

[https://fagne.no/wp-](https://fagne.no/wp-content/uploads/2021/12/Informasjon_om_krav_til_avstand_til_nettanlegg-Fagne.pdf)

[content/uploads/2021/12/Informasjon_om_krav_til_avstand_til_nettanlegg-Fagne.pdf](https://fagne.no/wp-content/uploads/2021/12/Informasjon_om_krav_til_avstand_til_nettanlegg-Fagne.pdf)

Hensynsone må oppdateres for de nye 132 kV linjene nord (N9) i reguleringsplan og ikke vise hensynsone for de gamle luftlinjene.»

Forslagsstillars kommentar:

Visar til vedlagt avklaring med Fagne AS. Det vil vera krav om eigen nettstasjon for biogassanlegget. Dette er vareteke i føresegner som opnar for at eit nettanlegg kan byggast innanfor formålet.

Det er avklart at de nye 132 kV linjene inkl. omsynssona ikkje røra planområdet.

1.1.6 Mattilsynet, datert 04.11.2025

Merknaden følger i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

*«Mattilsynet har fått oppstartsvarsel for omgjøring av Nerheim næringsområde i Vindafjord. Jeg kan ikke se at **miljørettet helsevern** i kommunen er på listen over mottakere av varselet. De er en relevant høringsinstans som dere bør ta med.*

Mottakerliste:

«Berørte naboer/gjenboere, Statsforvaltaren i Rogaland, Rogaland Fylkeskommune, Statensvegvesen, Haugaland brann og redning IKS, Haugaland interkommunale miljøverk, Fagne, NVE, Ølen vassverk, Arbeidstilsynet, Mattilsynet – Haugalandet, DSB, Ølen Grendeutval, Ølen Handel & Service, Fikse Næringsforening Etne og Vindafjord.»

[Forslagsstillars kommentar:](#)

[Tatt til følge, varsel sendt til miljøretta helsevern i kommunen den 04.11.2025.](#)

1.1.7 HIM, datert 18.11.2025

Merknaden følger i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«Innhentingsordningen for kildesortert avfall.

Planområdet inneholder ingen bosteder som er pliktige renovasjonsgebyr. Dersom bosteder som grenser til planområdet får en endring i sin plassering av dunker på tømmedag, eller at oppstillingsplassen deres endres, må disse forholdene adresseres.

HIM som en mulig bruker av anlegget.

HIM ser på prosjektet med stor interesse og er kjent med enkelte prosesser i forkant av oppstartsvareselet. Under oppstarten setter HIM noen punkter som bør tas med i vurderingen i det videre planarbeidet.


- Adkomst for renovasjonsbiler/vogntog til planområdet
- Manøvrerings muligheter for kjøretøy i planområdet for å begrense rygging
- Arealer til forbehandling av mat avfall
- Vurdering av behov for innendørslokasjoner
- Muligheter for spyling/rengjøring av tomme aggregat/stålkontainere til kjøretøy

HIM stiller seg til rådighet dersom det er behov for vår fagkompetanse i planarbeidene.»

Forslagsstillars kommentar:

Tilkomsten til planområdet og køyrevegen til planområdet er vurdert i *Trafikkvurdering*, utarbeida av Norwaste, datert 24.11.2025, som er revidert i høve auke i trafikk grunna biogassanlegget.

Logistikken internt i planområdet er lagt opp slik at ein ikkje treng rygga innanfor område med persontrafikk til dømes som på Figur 13.



Figur 13: Skisse logistikk, kjelde: Arkipelet

1.1.8 Statens vegvesen, datert 20.11.2015

Merknaden følger i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«Vi viser til brev, datert 23.10.2025, med varsel om oppstart av detaljregulering for biogassanlegg på Nerheim næringsområde i Vindafjord kommune.

Saken gjelder

Planarbeidet omfatter regulert område N2 og NF3 i gjeldende plan Detaljregulering for Nerheim Næringsområde.

Formålet med planarbeidet er å konkretisere typen industri som kan inngå i næringsformålet og åpne for etablering av biogassanlegg.

Statens vegvesens rolle i planleggingen

Statens vegvesen har ansvar for at føringer i Nasjonal transportplan (NTP), Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet, vegnormalene og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringer blir ivaretatt i planleggingen.

Vi skal bidra til å følge opp FNs-bærekraftsmål rettet mot transportsektoren gjennom oppfølgingen av NTP-målene hvor hovedmålet er et effektivt, miljøvennlig og trygt transportsystem i 2050. Under er det fem likestilte mål;

- *Enklere reisehverdag og økt konkurranseevne for næringslivet*
- *Bidra til oppfyllelse av Norges klima- og miljømål*
- *Nullvisjon for drepte og hardt skadde i trafikken*
- *Effektiv bruk av ny teknologi*
- *Mer for pengene*

Vi uttaler oss som forvalter av riksveg på vegne av staten, og som statlig fagmyndighet med sektoransvar innenfor vegtransport. Vårt sektoransvar for vegnettet betyr at vi har et overordnet ansvar for at trafikksikkerhet, framkommelighet, universell utforming, klima og miljøhensyn og helhetlig bypolitikk ivaretas i alle planforslag som berører samferdsel. Gjennom vårt sektoransvar skal vi bidra til samarbeid mellom aktuelle myndigheter, næringsliv og innbyggerne med mål om en bærekraftig utvikling.

Statens vegvesens rolle i denne saken

Vår rolle i denne saken er som forvalter av riksveg og som statlig fagmyndighet med sektoransvar innenfor trafikksikkerhet og vegtransport.

Statens vegvesens innspill til planarbeidet

Det legges til grunn ca. 40 lastebiler til/fra området per dag. Det skal gjøres en vurdering av om utformingen av veganlegg er i tråd med gjeldende krav. Vi legger til grunn at det gjøres en trafikk og mobilitetsanalyse i planarbeidet. Virkningene planforslaget vil ha for trafikksikkerhet, vegtransport og overordnet vegnett må vurderes i planforslaget. Eventuelle avbøtende tiltak må komme frem av plandokumentene. Trafikksikkerhet må også inngå som tema i ROS-analysen.

Krysset til næringsområdet er mot fv. 514. Vi legger til grunn at kryssutforming og eventuelt andre forhold som gjelder fylkesvegen avklares med Rogaland fylkeskommune som rett vegmyndighet for fylkesvegen.

Statens vegvesens uttalelse til varsel om oppstart er ikke uttømmende. Når et planforslag blir lagt ut til offentlig ettersyn, vil vi kunne komme med ytterligere innspill og merknader.»

Forslagsstillars kommentar:

Det er utarbeida *Trafikkvurdering* av NORWASTE datert 24.11.2025, denne vurderer trafikkauke grunna etablering av biogassanlegg. Av trafikkvurderinga kjem det fram at fylkesvegar og europavegar er dimensjonert for denne type belastning, og at trafikkauke vil vera relativt beskjeden og det er ikkje behov for tiltak, jf. Tabell 1. Trygge og samanhengande gang- og sykkelløysningar, tydelege kryssingspunkt og god belysning bør prioriterast for å redusere risiko og ivareta ein sikker ferdsel for alle. Overgangen mellom gang- og sykkelveg og busstoppet i Fv 514 er ikkje merket eller belyst pr.dd.

Tabell 1: Oversikt over trafikkauke på tilstøytande vegar

Veg	Dagens ÅDT	Biogassanlegg ÅDT	Framtidig ÅDT	Total auke ÅDT
Njordvegen	250 (5 % tunge)	61 (88 % tunge)	311 (17 % tunge)	24,4 %
Mot Ølen Fv. 514 nord	3000 (10 % tunge)	61 (88 % tunge)	3061 (12 % tunge)*	2 %
Mot Sandeid Fv. 514 sør	2040 (16 % tunge)	61 (88 % tunge)	2101 (18 % tunge)**	3 %
Mot Etne E134 aust	4700 (15 % tunge)	61 (88 % tunge)	4761 (16 %)**	1 %
Mot Ølensvåg E134 vest	6000 (14 % tunge)	61 (88 % tunge)	6061 (15 %)**	1 %

* Forutsett at all trafikk går mot Ølen

** Forutsett at all trafikk går mot Sandeid

*** Forutsett at all trafikk går mot Etne

**** Forutsett at all trafikk går mot Ølensvåg

Statens vegvesen oppgjer at Njordvegen pr.dd. har ein belastning på 250 ÅDT kor 5 % er tunge køyretøy. Biogassanlegget vil føra til at gjennomsnittleg køyretøyturar (ÅDT) vil auke med 54 tunge køyretøy. Totalt vil ÅDT (tunge og lette) for Njordvegen auke frå 250 til 311.

Ut i frå berekningar gjort av Asplan Viak og seinare av NORWASTE kjem det fram at eksisterande vegnett er dimensjonert for den trafikkauken som eit biogassanlegg gir, med den estimerte auka i trafikk frå 250 ÅDT til 311 ÅDT, vegen er dimensjonert til ei total ÅDT på ca. 1800.

Krysset og næringsområde er opparbeid i høve til dagens gjeldande plan, og opparbeidinga er gitt ferdigattest i sak 20/2999, datert 29.11.2023. Ut frå flyfoto i Figur 5 kan ein sjå at anlegg for mjuka trafikantar til dels ikkje er opparbeidd i tråd med dagens gjeldande plan. Det er ved denne planendringa lagt inn rekkjefølgjekrav som sikrar at skilting, belysning, overgangar og manglande fortau blir opparbeidd før det blir gitt bruksløyve for tiltak.



Figur 14: Regulert kryss tv. og th. visa kva som er opparbeidd (blått) og kva som mangla (raudt), kjelde: Asplan Viak og google earth, rev Arkipelet

Rekkjefølgjeføresegner sikrar opparbeiding av manglande anlegg for mjuke trafikantar;

6.3 Bruksløyve

Før bruksløyve til nye tiltak kan gis:

- skal anlegg for mjuke trafikantar ved FV 514 Sandeidvegen x Njordvegen vere opparbeidd i samsvar med godkjent plan av Rogaland fylkeskommune.

Figur 15: Utklipp frå rekkjefølgjeføresegnene, kjelde: Vindafjord kommune, rev. Arkipelet

Trafikktryggleik inngår som tema i ROS-analyse.

1.2 Private merknadar og organisasjonar:

1.2.1 Merknad frå Eurojuris på vegne av Berge Sag Gruppen, mottatt 06.11.2025

Merknaden følgjer i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«1. Innledning

Det vises til varsel om oppstart av planarbeid av 23.10.2025 for endring av del av detaljregulering for Nerheim næringsområde (planid 1160-15-09). Varselet gjelder oppstart av detaljreguleringsarbeid for biogassanlegg på Nerheim næringsområde på vegne av Biovind AS og omfatter eiendommen på gnr./bnr. 290/210 i Vindafjord kommune.

Undertegnede bistår Berge Sag Gruppen Eiendom (heretter Berge Sag) som er etablert i Nerheim næringsområde med XL-BYGG Berge Sag avd. Nerheim med besøksadresse Løkjelsmyrvegen 28/Njordvegen 41, 5580 Ølen.

Arten av virksomhet og nærheten til det varslede tiltaket i planarbeidet medfører at Berge Sag har interesse av styrke i saken, og vil på denne bakgrunn inngi merknader til planvarselet.

2. Planinitiativ og planvarsel

Det er begrenset med konkret informasjon om innholdet i den planlagte etableringen i utsendt dokumentasjon i forbindelse med planvarselet utover informasjon om bygningsmasse. Berge Sag er kjent med innholdet i søknaden om utslippstillatelse til forurensningsmyndighetene, og kjenner dermed til at det er tale om å etablere et anlegg med en kapasitet til å behandle inntil 226 000 tonn organisk materiale per år. Det gjelder råstoff fra blant annet husdyrgjødsel, slakteavfall, fiskeslam og -ensilasje, samt matavfall. Byggestart er planlagt allerede i inneværende år, mens forventet produksjonsstart er i 2027.

Biogassanlegget vil dermed medføre en betydelig økning i trafikk i form av transport til og fra området. Dette understøttes av at det fremgår i søknaden at det er planlagt for transportaktivitet 300 dager i året og seks dager i uken. Tiltaket vil både kreve kjemikaliehåndtering, avfallshåndtering og gi planlagt utslipp til luft, i tillegg til risiko for uønskede hendelser som kan gi utslipp til grunn og vann.

Selv om planlagte utslipp under normal drift ikke skal overstige utslipp som er over grenseverdien, tilsier både erfaring med tilsvarende anlegg og realistiske tilnærminger til bedrifter med luktutslipp at dette ikke er like selvsagt i praksis.

3. Planstatus

Det fremgår i varselbrevet at tiltaket er vurdert å være i tråd med gjeldende kommuneplans arealformål for området, som er næringsformål. Videre at det er vurdert å være til dels i tråd med gjeldende reguleringsplan som angir lettere industri for arealet. Forslaget er at nytt formål blir industri, spesifisert for biogassanlegg. Av planinitiativet fremgår at endringen er vurdert opp mot forskrift om konsekvensutredning, men ikke funnet at utløser krav om dette.

I bestemmelsene til någjeldende plan for næringsområde er det inntatt i punkt 3.1.1 at området kan benyttes til «industri-, nærings-, handverks- og lagerverksemde. Det vil seie verksemder innanfor transport/distribusjon, anlegg, lettare industri, reparasjon, lager og

engros.» Det følger av veileder til kartforskriften at avfallshåndtering ikke inngår i formålet næringsbebyggelse, som altså er det overordnede arealformålet for næring.

Biogassanlegg vil ikke falle inn under næringsbebyggelse eller næring, men inngå i enten industri, energiproduksjon eller landbruk/renovasjon. Det er en klar forutsetning om en forsvarlig og grundig planprosess for slike anlegg, både sett hen til arealformålet tiltaket går under, men også etter forskrift om konsekvensutredning.

Det vises i den sammenheng til forskrift om konsekvensutredninger § 6 første ledd bokstav b som angir at reguleringsplaner for tiltak i vedlegg I alltid skal konsekvensutredes. Det er kun unntak dersom det «konkrete tiltaket» (min understrekning) er konsekvensutredet i tidligere plan og reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen. Vedlegg I punkt 10 fastsetter at avfallsanlegg for behandling av husholdnings- eller næringsavfall ved forbrenning eller kjemisk behandling med kapasitet på over 100 tonn per dag skal konsekvensutredes.

Husdyrgjødsel, matavfall og fiskeslam regnes som avfall når det skal behandles i biogassanlegg. Biogassanlegg som det beskrevne og planlagte tiltaket i gjeldende sak er utvilsomt et anlegg for avfallshåndtering, jf. forurensningsloven, herunder blant annet § 27. Dette understøttes også at søknad om forurensningstillatelse er inngitt etter forurensningsloven § 29 som gjelder krav til anlegg for behandling av avfall.

Både dette, og kapasiteten som er beskrevet, medfører dermed at tiltaket skal konsekvensutredes etter forskriften, med mindre det bestemte tiltaket er konsekvensutredet tidligere og det er i tråd med gjeldende plan. Det er på det rene at biogassanlegg ikke var en del av konsekvensutredningen som ble gjort i forbindelse med någjeldende plan. Det er dermed i utgangspunktet uten betydning hvorvidt tiltaket er i samsvar med tidligere plan.

Det gjøres imidlertid gjeldende at tiltaket i tillegg ikke er i tråd med gjeldende plan. Lettere industri omfatter virksomheter med begrenset miljøpåvirkning og lav risiko for støy, lukt, utslipp eller annen forurensning. Slike virksomheter kan ofte etableres nær boliger eller handelsområder. Typiske eksempler inkluderer mindre verksteder, monteringsbedrifter, lager og engros virksomhet, samt enkel produksjon uten bruk av farlige kjemikalier eller store mengder avfall.

Biogassanlegg og avfallshåndtering skiller seg derimot vesentlig fra lettere industri, og regnes vanligvis ikke som en del av denne kategorien. Dette skyldes blant annet:

*** Forutsett at all trafikk går mot Etne

**** Forutsett at all trafikk går mot Ølensvåg

Statens vegvesen oppgjer at Njordvegen pr.dd. har ein belastning på 250 ÅDT kor 5 % er tunge køyretøy. Biogassanlegget vil føra til at gjennomsnittleg køyretøyturar (ÅDT) vil auke med 54 tunge køyretøy. Totalt vil ÅDT (tunge og lette) for Njordvegen auke frå 250 til 311.

Ut i frå berekningar gjort av Asplan Viak og seinare av NORWASTE kjem det fram at eksisterande vegnett er dimensjonert for den trafikkauken som eit biogassanlegg gir, med den estimerte auka i trafikk frå 250 ÅDT til 311 ÅDT, vegen er dimensjonert til ei total ÅDT på ca. 1800.

Krysset og næringsområde er opparbeid i høve til dagens gjeldande plan, og opparbeidinga er gitt ferdigattest i sak 20/2999, datert 29.11.2023. Ut frå flyfoto i Figur 30 kan ein sjå at anlegg for mjuka trafikantar til dels ikkje er opparbeidd i tråd med dagens gjeldande plan. Det er ved denne planendringa lagt inn rekkjefølgjekrav som sikrar at skilting, belysning, overgangar og manglande fortau blir opparbeidd før det blir gitt bruksløyve for tiltak.



Figur 30: Regulert kryss tv. og th. visa kva som er opparbeidd (blått) og kva som mangla (raudt), kjelde: Asplan Viak og google earth, rev Arkipelet

Rekkjefølgjeføresegner sikrar opparbeiding av manglande anlegg for mjuke trafikantar;

6.3 Bruksløyve

Før bruksløyve til nye tiltak kan gis:

- skal anlegg for mjuke trafikantar ved FV 514 Sandeidvegen x Njordvegen vere opparbeidd i samsvar med godkjent plan av Rogaland fylkeskommune.

Figur 31: Utklipp frå rekkjefølgjeføresegnene, kjelde: Vindafjord kommune, rev. Arkipelet

Trafikktryggleik inngår som tema i ROS-analyse.

Uklarheit rundt råstoff

Ein må forhald seg til det som det blir søkt om, i dette tilfellet 226 000 tonn biomasse årleg, kor innsatsfaktorane er animalske biprodukt, fiskeslam, kjøkken- og matavfall. Skulle det skje endring av råstoff, må tilsvarende utsleppsløyve søkast på ny. Dette vil bli handtert i høve til anna lovverk, forurensningsloven og ikkje plan- og bygningsloven som plansaka forhald seg til.

Medverknad og open prosess

Medverknad så langt i prosessen forhald seg til plan- og bygningsloven § 12-8 – *oppstart av reguleringsplanarbeid*. Når planarbeidet har kome lenger, vil forslagsstillar invitere til ytterlegare medverknad der innbyggjarane får høve til å stilla spørsmål og få nærare informasjon, i høve plan- og bygningsloven kapittel 5 - *Medvirkning*.

1.2.6 Merknad frå Ove Ivesdal og Gyri Windsand, datert 07.11.2025

Merknaden følgjer i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«Me viser til varsel om oppstart av planarbeid datert 23.10.2025. Som berørte naboar og innbyggjarar i Ølen ønskjer vi med dette å komme med ei uttale.

Kritikk mot lokalisering og storleik

Me stiller oss sterkt kritiske til etablering av biogassanlegg på Nerheim næringsområde, så nær Ølen sentrum og bustadområde. Det planlagde anlegget er stort i norsk målestokk, med ei årleg behandling på 226 000 tonn råstoff. Me fryktar at dette berre er starten, og at det vil bli søkt om utviding så snart anlegget er etablert. Slik som på Stord, der Renevo har søkt om og fått godkjent ei meir enn dobling av kapasiteten kort tid etter oppstart. Det er og ei bekymring at det vil komme søknad om endring av råstoff til farleg avfall t.d. eddiksyre eller glycol etc. slik som på Havila sitt anlegg på Nesset i Romsdal. Ei slik utvikling vil kunne få omfattande konsekvensar fornærmiljøet, både når det gjeld bustadverdi, tryggleik, livskvalitet og risiko for giftutslepp.

Krav om full konsekvensutgreiing

Den eksisterande konsekvensutgreiinga for næringsfeltet har ikkje blitt gjort for denne type industri. Det er rart og urovekkande at tiltaket ikkje er kravd konsekvensutgreidd etter forskrift for heile området ved ein slik fundamental endring av føremål. Dette særleg i lys av at DSB(direktoratet for samfunssikkerheit og beredskap) har sagt at dette biogassanlegget utløyser plikter etter storulykkeforskrifta, i brev datert 19.02.25. Ein ROS-analyse gir ikkje god nok oversikt over samla påverknad på miljø, helse og tryggleik for oss som bur her. Me krev ei fullkonsekvensutgreiing med uavhengige faginstansar, der følgjande forhold blir vurdert: Risiko for luktplager, basert på erfaringar frå liknande anlegg (t.d. Renevo på Stord, 2022-2023). I følge Statsforvaltaren spreidde lukta seg fleire kilometer rundt anlegget på Stord. Eksplosjonsfare og tryggleiksrisiko (t.d. Severn Trent Green Power, Storbritannia, 2023) Potensielle helseplager og redusert livskvalitet (t.d. Renevo på Stord, 2022-2023) Auka trafikkbelastning, med stor og tildels stinkande transport inn og ut av området, knytt til levering av råstoff og henting av biorest og produkt. Dette vil belaste vegnettet i og rundt Ølen, særleg fv. 514 og Heiabøvegen, og skape trafikale utfordringar for både innbyggjarar og næringsliv. Det vil og kome til å bli ei stor utfordring ved Ølen Torg og Hageland (Ebne) og naboar på industritomta Storulukkepotensialet: Havila biogassanlegg i Molde hadde i starten av september dette år ei stor ulukke der dei slapp ut 4000 m3 med gjødsel og fiskeavfall.

Uklare råstoff og framtidig risiko

Formuleringa i varselbrevet "Formålet med planendringa er å konkretisera og opna foretabling av anlegg for biogassproduksjon frå mellom anna animalske biprodukt, fiskeslam, kjøkken- og matavfall, under dette; prosess for å utvinne biometan, bio-CO2, og ivareta biorest for omgjering til gjødsel for landbruket i fast/flytande form" skaper uro. Det må klargjerast nøyaktig kva som skal brukast i produksjonen, og dette må vere bindande. Me fryktar at uklare rammer kan opne for framtidig utviding til meir belastande materiale utan ny høyring.

Behov for medverknad og open prosess

Me ber om at det blir gjennomført folkemøte og lagt til rette for utvida medverknad i planprosessen. Eit digert biogassanlegg midt i Ølen vil kunne påverke kvardagen, helse og trivselen til oss som bur her i lang tid framover. Difor er det avgjerande at me får høve til å stille spørsmål, komme med innspel og uttrykke bekymringar – før vedtak blir fatta. Reell

medverknad inneber meir enn informasjon; det krev dialog, lytting og vilje til å justere planane i møte med lokal kunnskap og erfaring. Dette er ei sak som kan endre nærområdet vårt fundamentalt, og det må takast på alvor.

Konklusjon

Me ber om at planendringa blir stansa, og at det ikkje blir opna for etablering av biogassanlegg på Nerheim næringsområde.

Me krev:

Full konsekvensutgreiing

Konkretisering og binding av råstoff

Ein open og demokratisk prosess med reell medverknad»

[Forslagsstillars kommentar:](#)

[Visar til tilsvar under punkt 1.2.4 og 1.2.5.](#)

1.2.7 Merknad frå Torbjørn Søndena, datert 07.11.2025

Merknaden følgjer i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«Me viser til varsel om oppstart av planarbeid datert 23.10.2025. Som berørte naboar og innbyggjarar i Ølen ønskjer vi med dette å komme med ei uttale.

Kritikk mot lokalisering og storleik

Me stiller oss sterkt kritiske til etablering av biogassanlegg på Nerheim næringsområde, så nær Ølen sentrum og bustadområde. Det planlagde anlegget er stort i norsk målestokk, med ei årleg behandling på 226 000 tonn råstoff. Me fryktar at dette berre er starten, og at det vil bli søkt om utviding så snart anlegget er etablert. Slik som på Stord, der Renevo har søkt om og fått godkjent ei meir enn dobling av kapasiteten kort tid etter oppstart. Det er og ei bekymring at det vil komme søknad om endring av råstoff til farleg avfall t.d. eddiksyre eller glycol etc. slik som på Havila sitt anlegg på Nesset i Romsdal. Ei slik utvikling vil kunne få omfattande konsekvensar for nærmiljøet, både når det gjeld bustadverdi, tryggleik, livskvalitet og risiko for giftutslepp.

Krav om full konsekvensutgreiing

Den eksisterande konsekvensutgreiinga for næringsfeltet har ikkje blitt gjort for denne typeindustri. Det er rart og urovekkande at tiltaket ikkje er kravd konsekvensutgreidd etterforskrift for heile området ved ein slik fundamental endring av føremål. Dette særleg i lys av at DSB (direktoratet for samfunssikkerheit og beredskap) har sagt at dette biogassanlegget utløyser plikter etter storulykkeforskrifta, i brev datert 19.02.25. Ein ROS-analyse gir ikkje god nok oversikt over samla påverknad på miljø, helse og tryggleik for oss som bur her. Me krev ei full konsekvensutgreiing med uavhengige faginstansar, der følgjande forhold blir vurdert:

Risiko for luktplager, basert på erfaringar frå liknande anlegg (t.d. Renevo på Stord, 2022-2023). I følge Statsforvaltaren spreidde lukta seg fleire kilometer rundt anlegget på Stord. Eksplosjonsfare og tryggleiksrisko (t.d. Severn Trent Green Power, Storbritannia, 2023) Potensielle helseplager og redusert livskvalitet (t.d. Renevo på Stord, 2022-2023) Auka trafikkbelastning, med stor og tildels stinkande transport inn og ut av området, knytt til levering av råstoff og henting av biorest og produkt. Dette vil belaste vegnettet i og rundt Ølen, særleg fv. 514 og Heiabøvegen, og skape trafikale utfordringar for både innbyggjarar og næringsliv. Det vil og kome til å bli ei stor utfordring ved Ølen Torg og Hageland (Ebne) og naboar på industritomta Storulukkepotensialet: Havila biogassanlegg i Molde hadde i starten av september dette år ei stor ulukke der dei slapp ut 4000 m3 med gjødsel og fiskeavfall.

Uklare råstoff og framtidig risiko

Formuleringa i varselbrevet "Formålet med planendringa er å konkretisera og opna foretablering av anlegg for biogassproduksjon frå mellom anna animalske biprodukt, fiskeslam, kjøkken- og matavfall, under dette; prosess for å utvinne biometan, bio-CO2, og ivareta biorest for omgjering til gjødsel for landbruket i fast/flytande form" skaper uro. Det må klargjerast nøyaktig kva som skal brukast i produksjonen, og dette må vere bindande. Mefryktar at uklare rammer kan opne for framtidig utviding til meir belastande materiale utan nyhøyring.

Behov for medverknad og open prosess

Me ber om at det blir gjennomført folkemøte og lagt til rette for utvida medverknad i planprosessen. Eit digert biogassanlegg midt i Ølen vil kunne påverke kvardagen, helse og trivselen til oss som bur her i lang tid framover. Difor er det avgjerande at me får høve til å

*stille spørsmål, komme med innspel og uttrykke bekymringar – før vedtak blir fatta.
Reellmedverknad inneber meir enn informasjon; det krev dialog, lytting og vilje til å justere
planane i møte med lokal kunnskap og erfaring. Dette er ei sak som kan endre
nærområdet vårt fundamentalt, og det må takast på alvor.*

Konklusjon

*Me ber om at planendringa blir stansa, og at det ikkje blir opna for etablering av
biogassanlegg på Nerheim næringsområde.*

Me krev:

Full konsekvensutgreiing

Konkretisering og binding av råstoff

Ein open og demokratisk prosess med reell medverknad»

[Forslagsstillars kommentar:](#)

[Visar til tilsvar under punkt 1.2.4 og 1.2.5.](#)

1.2.8 Merknad frå John Harald Mannes, datert 09.11.2025

Merknaden følgjer i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«Vedrørende: Biogassanlegg på Nerheim – krav om stans i planarbeidet og ny vurdering

Vi viser til planarbeidet som pågår i samband med mogleg etablering av biogassanlegg på Nerheim næringsområde, midt i Ølen.

Som innbyggjarar og berørte partar ønskjer vi med dette brevet å uttrykke sterk uro og klar motstand mot etablering av eit biogassanlegg i umiddelbar nærleik til bustadområde.

Bakgrunn og bekymringar

Eit biogassanlegg av denne typen vil etter vårt syn kunne få vesentlege negative konsekvensar for både helse, trivsel, trafikktryggleik, eigedomsverdi og lokalmiljø.

Erfaringar frå liknande anlegg andre stader viser at lukt, utslepp, støy og auka tungtransport kanske vedvarande ulemper for nærområdet.

Vi meiner det er uforsvarleg å plassere eit slikt anlegg så nær tett busetnad utan omfattandekonsekvensutgreiing og reell lokal medverknad.

Krav til kommunen

På bakgrunn av dette ber vi Ølen kommune om å:

- 1. Stanse vidare planlegging og handsaming av prosjektet inntil det ligg føre ei ny og fullstendigkonsekvensutgreiing.*
- 2. Krevje konkretisering og dokumentasjon av råstofftilgang, transportløysingar og tryggleikstiltak.*
- 3. Sikre ein open, demokratisk og inkluderande prosess, der lokalbefolkninga får reell høve til medverknad før vidare vedtak vert fatta.*

Avslutning

Vi ber om at kommunen tek desse innspela til etterretning, og gjennomfører ei ny vurdering av plassering og vidare prosess.

Saka har potensial til å påverke både helse, miljø og trivsel for innbyggjarane i Ølen i mange år framover, og må difor handsamast med særleg omtanke og openheit.

Vi stiller oss gjerne til disposisjon for dialog og vidare samtale dersom kommunen ønskjer utdjuping av synspunkta våre.»

[Forslagsstillars kommentar:](#)

[Visar til tilsvar under punkt 1.2.4 og 1.2.5.](#)

1.2.9 Merknad frå Arnfinn Harald Øverland, datert 10.11.2025

Merknaden følgjer i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«Me viser til varsel om oppstart av planarbeid datert 23.10.2025. Som berørte naboar og innbyggjarar i Ølen ønskjer vi med dette å komme med ei uttale.

KRITIKK MOT LOKALISERING OG STORLEIK

Me stiller oss sterkt kritiske til etablering av biogassanlegg på Nerheim næringsområde, så nær Ølen sentrum og bustadområde. Det planlagde anlegget er stort i norsk målestokk, med ei årleg behandling på 226 000 tonn råstoff. Me fryktar at dette berre er starten, og at det vil bli søkt om utviding så snart anlegget er etablert. Slik som på Stord, der Renevo har søkt om og fått godkjent ei meir enn dobling av kapasiteten kort tid etter oppstart. Det er og ei bekymring at det vil komme søknad om endring av råstoff til farleg avfall t.d eddiksyre eller glycol etc slik som på Havila sitt anlegg på Nesset i Romsdal. Ei slik utvikling vil kunne få omfattande konsekvensar fornærmiljøet, både når det gjeld bustadverdi, tryggleik, livskvalitet og risiko for giftutslepp.

KRAV OM FULL KONSEKVENSGREIING

Den eksisterande konsekvensutgreiinga for næringsfeltet har ikke blitt gjort for denne typeindustri. Det er rart og urovekkande at tiltaket ikkje er kravd konsekvensutgreidd etter forskrift for heile området ved ein slik fundamental endring av føremål. Dette særleg i lys av at DSB(direktoratet for samfunnsikkerheit og beredskap) har sagt at dette biogassanlegget utløyser plikter etter storulykkeforskrifta, i brev datert 19.02.25. Ein ROS-analyse gir ikkje god nok oversikt over samla påverknad på miljø, helse og tryggleik for oss som bur her. Me krev ei fullkonsekvensutgreiing med uavhengige faginstansar, der følgjande forhold blir vurdert:

- Risiko for luktplager, basert på erfaringar frå liknande anlegg (t.d. Renevo på Stord, 2022-2023). I følgje Statsforvaltaren spreidde lukta seg fleire kilometer rundt anlegget på Stord.*
- Eksplosjonsfare og tryggleiksrisko (t.d. Severn Trent Green Power, Storbritannia, 2023)*
- Potensielle helseplager og redusert livskvalitet (t.d. Renevo på Stord, 2022-2023)*
- Auka trafikkbelastning, med stor og tildels stinkande transport inn og ut av området, knytt til levering av råstoff og henting av biorest og produkt. Dette vil belaste vegnettet i og rundt Ølen, særleg fv. 514 og Heiabøvegen, og skape trafikale utfordringar for både innbyggjarar og næringsliv. Det vil og kome til å bli ei stor utfordring ved Ølen Torg og Hageland (Ebne) og naboar på industritomta*
- Storulukkepotensialet: Havila biogassanlegg i Molde hadde i starten av september dette år ei stor ulukke der dei slapp ut 4000 m3 med gjødsel og fiskeavfall.*

UKLARE RÅSTOFF OG FRAMTIDIG RISIKO

Formuleringa i varselbrevet "Formålet med planendringa er å konkretisera og opna foretablering av anlegg for biogassproduksjon frå mellom anna animalske biprodukt, fiskeslam, kjøkken- og matavfall, under dette; prosess for å utvinnebiometan, bio-CO2, og ivareta biorest for omgjering til gjødsel for landbruket i fast/flytandeform" skaper uro. Det må klargjerast nøyaktig kva som skal brukast i produksjonen, og dette må vere bindande. Me fryktar at uklare rammer kan opne for framtidig utviding til meir belastande materiale utan ny høyring.

BEHOV FOR MEDVERKNAD OG OPEN PROSESS

Me ber om at det blir gjennomført folkemøte og lagt til rette for utvida medverknad i planprosessen. Eit digert biogassanlegg midt i Ølen vil kunne påverke kvardagen, helsa og trivselen til oss som bur her i lang tid framover. Difor er det avgjerande at me får høve til å stillespørsmål, komme med innspel og uttrykke bekymringar – før vedtak blir fatta. Reell medverknad inneber meir enn informasjon; det krev dialog, lytting og vilje til å justere planane i møte med lokal kunnskap og erfaring. Dette er ei sak som kan endre nærområdet vårt fundamentalt, og det må takast på alvor.

KONKLUSJON

Me ber om at planendringa blir stansa, og at det ikkje blir opna for etablering av biogassanlegg på Nerheim næringsområde.

Me krev:

- *Full konsekvensutgreiing*
- *Konkretisering og binding av råstoff*
- *Ein open og demokratisk prosess med reell medverknad»*

Forslagsstillars kommentar:

Visar til tilsvar under punkt 1.2.4 og 1.2.5.

1.2.10 Merknad frå Jan Huseby, datert 10.11.2025

Merknaden følgjer i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«Viser til utlysing av planprosess for endring av gjeldande reguleringsplan for Nerheim Næringsområde – PlanId 1160-15-09. Biovind ønskjer der å endra formålet i reguleringsplanen frå 'lettare industri' til 'industri, spesifisert for biogassanlegg'»

Utfrå utlysinga les eg at endringa av planen er tenkt gjennomført som forenkla prosess etter Pbl § 12-14. Vidare les eg at det også er tenkt forenkla prosess i høve til 'Forskrift om konsekvensutgreiingar', der konsekvensutgreiing er erstatta med ein ROS analyse av mindre omfang.

Denne framgangsmåten vil eg sterkt protestera mot, og meiner at det bryt med både PBL sitt regelverk og forskrifta som er vist til ovanfor.

Grunngjeving og heimel for min protest.

Biogassanlegget på Nerheim er eit stort anlegg i nasjonal målestokk. Planane er konfliktfylte, og eit stort antall naboar, bedrifter og bygdefolk er uroa for kva konsekvenser eit slikt anlegg kan få for bumiljø, lukt og støyplager og andre negative verknader for nærmiljøet. Dette har kome fram gjennom innbyggjarinitiativ, protestaksjonar og uttalar i pressa. Det er difor ikkje tvil om at planane må sjåast på som omstridde og konfliktfylte

Når kan forenkla handsaming ikkje nyttast.

I forarbeidet til lovendringa i Pbl. i 2017 om forenkla handsaming er det lagt føringar i Proposisjon 149 L.

- *Slik departementet ser det, bør et avgjørende utgangspunkt være om endringene må betraktes som i vesentlig grad omstridt eller konfliktfylt og derfor krever bredere medvirkning og grundigere behandling – (mi understreking)*

Planane både omstridt og konfliktfylte. Då skal ein følgja sakshandsamingsprosedyre på same måte som for ny reguleringsplan med brei konsekvensanalyse og medverknad.

Forskrift om konsekvensutgreiing – formål.

Kap. 3 i forskrifta handlar om når ein skal krevja konsekvensutgreiing. Slik eg ser det så er det Biogassanlegget heilt klart ei type verksemd som blir omfatta av denne forskrifta.

§10 seier følgjande:

'I vurderingen av om en plan eller et tiltak kan få vesentlige virkninger for miljø eller samfunn, skal det ses hen til egenskaper ved planen eller tiltaket eller tiltakets lokalisering eller påvirkning for omgivelsene'

Egenskaper ved planen eller tiltaket omfatter: a: størrelse, planområde og utforming b: (ikkje relevant for dette anlegget) min merknad c: avfallsproduksjon og utslipp d: risiko for alvorlige ulykker og/eller katastrofer

Det er også tatt med eit punkt om 'konsekvenser for befolkningens helse f.eks som følge av vann eller luftforurensing'

Alt dette er vesentlege punkt som folk er opptatt av og som er kjernepunkt i drift eller ikkje drift av Biogassanlegget.

At ein ser bort frå at desse elementa skal skikkeleg utgreiast, og erstattar dei med ein forenkla ROS analyse er bomskot etter mi meining.

Legitimitet og forankring.

Å ta 'snarvegane' fram til vedtak er ikkje eigna til å skapa tillit. Der er stor motstand mot anlegget, og motstanden vert ikkje mindre når ein opplever at vedtak vert fatta utan grunnleggjande respekt for det regelverk som skal sikra innsyn og medverknad. Både Biovind og Vindafjord kommune vil tena på ein grundigare prosess enn det som er lagt opp til.

Hovedinnhald i denne merknaden.

Merknaden går ikkje på om vi skal ha Biogassanlegg på Nerheim eller ikkje. Men merknaden går på prosess og sakshandsaming på vegen fram mot vedtak. Anlegget på Nerheim er ei stor sak for Ølenssamfunnet. Det er difor med ein emmen smak i munnen ein sit att med kjensla av at utbyggar og kommune går for raske løysingar der vesentlege prosessar og kunnskapsinnhentingar vert omgått og utelatt.

Vedlegg

Som vedlegg til denne høyringsuttalen fylgjer eit presseutklipp frå lokalavisa Strilen. Alver kommune er i same fase som Vindafjord der biogassanlegg ønskjer etablering. Alver kommune har derimot lagt opp ein langt meir omfattande planprosess som byggjer på dei føresetnadene eg har peika på i dette skrivet:

Forenkla saksprosess kan berre nyttast når:

- *endringa er av mindre art.*
- *der ikkje er vesentlege verknader for miljø og samfunn.*
- *endringa ikkje er omstridd.*
- *tiltaket ikkje krev omfattande nye utgreiingar*

Dei seier vidare:

'Me treng ei heilskapleg vurdering, særleg mot luktutslepp. Me tar ikkje stilling til saka no, men til planprosessen'

Det siste burde også vera Vindafjord kommune sitt standpunkt.

Vona er at Statsforvaltaren set foten ned og krev ordinær arealplanhandsaming og konsekvensutgreiing etter forskrift i ei så viktig sak.»



Her skal biogassanlegget kome, om dei får det som dei vil. Foto: Monica Skjelanger Reknes

Får nei til «snarveg» for biogassanlegg i Alver

No må Biogy gjennom ein større prosess for å få bygge biogassanlegget.

MONICA SKJELANGER REKNES
monica@strilen.no

Biogy Solutions AS ønskjer å bygge biogassanlegg på Nordhordland Næringspark på Eikanger, noko som har møtt reaksjonar.

Næringsparken er ikkje regulert for slik industri. Difor må det til ei reguleringsendring før dei kan ta til med å bygge anlegget.

Det vart difor søkt om såkalla forenkla reguleringsendring, som kan gjerast ved mindre endringar som ikkje råkar gjennomføringa av planane totalt sett.

Dette har allereie etablerte verksemdar og andre naboar reagert sterkt på.

Alver kommune har no sagt nei til ei slik endring, og reguleringa må gjennom ein ordinær prosess.

Årsaka er, ifølgje eit brev frå Alver kommune, at tiltaket ikkje oppfyller krava til forenkla prosess.

Ifølgje brevet kan ein forenkla planprosess berre nyttast når endringa er mindre, ikkje har vesentlege verknader for miljø og samfunn, ikkje er omstridd, og ikkje krev omfattande nye utgreiningar.

- Me treng ei heilskapleg vurdering, særleg knytt mot luktslepp. Me tar ikkje stilling til saka no, men til planprosessen, skriv leiar for Plan og utvikling i Alver, Kristin Næmdal, på spørsmål om saka.



Illustrasjon over det planlagde biogassanlegget. Foto: Biogy Solutions

Forslagsstillars kommentar:

Prosessval

Arbeidet med planendringa utførast ikkje etter forenkla prosess, men ein planendring med full prosess i høve PBL § 12-10.

Konsekvensutgreiing

Forslagsstillar har vurdert ulike prosessval. Planendringa er vurdert å ikkje utløyse krav om KU etter konsekvensutredningsforskriften, men med bakgrunn i Statsforvaltaren sin uttale til saka og andre merknadar til planoppstart har ein valt å ta inn tema lukt i ein KU-setting. Av *Konsekvensutredning-lukt*, utarbeida av Recul, kjem det fram at planlagde anlegget kan etablerast utan at naboar får luktulemper, føresett at dei tekniske løysingane og driftsrutinane beskrivne i planen blir følgde. Dette er fullt ut realistisk for eit moderne anlegg som dette. For nærare omtale om KU sjå kapittel 1.3, 6.1.2 og 8 i planskilddringa.

Andre verknadar som blir introduserte gjennom planendringa blir tilfredsstillande handtert gjennom *ROS-analyse*, utarbeida av Teknaconsult. Denne har tilhøyrande støttedokumentasjon, i form av fagrapportar/særskilte utredningar. For nærare omtale om ROS sjå kapittel 7 i planskilddringa.

Ved ulike stadia av planarbeidet er det utført særskilte rapportar av fagkunnige for å varetek at etablering av eit biogassanlegg med dei påverknadane detta medføre, utover forhold vurdert i dagens gjeldande plan. Det er vedlagte rapportar;

- *Trafikk og mobilitet*, utarbeida av Asplan Viak, datert 26.05.2017
- *Trafikkvurdering*, utarbeida av Norwaste, datert 24.11.2025
- *Luktrisikovurdering – Spredningsberegning av potensielt luktutslipp*, utarbeida av Norwaste, datert 01.10.2024
- *Vurdering av forhold knyttet til lukt*, utarbeida av Recul, datert 23.11.2025
- *Miljøriskovurdering*, utarbeida av Norwaste, datert 11.03.2025
- *Fase 1 Tilstandsrapport – Forurensning grunn i henhold til IED-direktivet*, utarbeida av Norwaste, datert 13.03.2025
- *VA-rammeplan*, utarbeida av Teknaconsult, datert 26.11.2025
- *Vurdering av støy og luftforurensning ifm. reguleringsendring*, utarbeida av Brekke og Strand, datert 26.11.2025
- *Brannteknisk vurdering*, utarbeida av Firesafe, datert 26.11.2025
- *Branndekning*, utarbeida av RH-oppmåling, datert 11.11.2025
- *Konsekvensutredning – lukt*, utarbeida av Recul, datert 03.12.2025
- *KU-sammenstilling*, utarbeida av Teknaconsult, dat. 04.12.2025

Samlet sett viser vurderingane i KU at det planlagde anlegget kan etablerast utan at naboar får luktulemper, føresett at dei tekniske løysingane og driftsrutinane beskrive i planen blir følgde. Dette er fullt ut realistisk for eit moderne anlegg som dette. Det visast til kapittel 6.1.1 og 6.1.2 kor tema lukt er vurdert.

Handtering i planføresegner;

Luktutslipp skal regulerast i løyver gitt etter forurensningsloven (TA-3019).

Figur 32: Utklipp av føresegnene for felt IND, kjelde: Arkipelet

Andre naudsynte avbøtande tiltak er innarbeida i planføresegner. For å sjå til at drifta av anlegget er forsvarleg skal det handterast gjennom ein miljøoppfølgingsplan (MOP).

Handtering i planføresegner;

Det skal utarbeidast ein miljøoppfølgingsplan (MOP), som eit sentralt styringsverktøy for miljøeiing av anlegget. Planen skal beskrive kordan miljømessige forhold skal overvakast, kontrollerast og rapporterast gjennom anleggets driftsfase. Planen skal vera eit «levande» dokument og skal brukast for å førebu, overvaka og handtera miljøpåverknadar på ein systematisk og dokumenterbar måte.

Figur 33: Utklipp av føresegner for felt IND, kjelde: Arkipelet

Legitimitet og forankring/Hovudinnhald i merknaden

Ein følgjer saksbehandlingsreglar i plan- og bygningsloven/forvaltningsloven. Medverknad så langt i prosessen forhold seg til plan- og bygningsloven § 12-8 – *oppstart av reguleringsplanarbeid*. Når planarbeidet har kome lenger, vil forslagsstillar invitera til ytterlegare medverknad der innbyggjarane får høve til å stilla spørsmål og få nærare informasjon, i høve plan- og bygningsloven kapittel 5 - *Medvirkning*.

Vedlegg

I saken det visast til i Alver kommune var det lagt opp til planendring etter forenkla prosess i høve til plan- og bygningsloven § 12-14. Så er ikkje tilfelle i denne saka, då ein her legg opp til planendring med full prosess i høve til plan- og bygningsloven § 12-3. Dette inneber same prosess som ved utarbeiding av detaljreguleringsplan.

1.2.11 Merknad frå Peder Mosdal, datert 10.11.2025

Merknaden følgjer i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«Vi viser til varsel om oppstart av planarbeid datert 23.10.2025, og ønskjer med dette å komme med ei uttale som berørte naboar og innbyggjarar i Ølen.

1. Motstand mot lokalisering

Vi stiller oss sterkt kritiske til etablering av biogassanlegg på Nerheim næringsområde, så nær Ølen sentrum og bustadområde. Det planlagde anlegget vil ligge berre 1 km frå sentrum, og vil kunne få store konsekvensar for nærmiljøet.

2. Bekymringar for lukt og helse

Erfaringar frå andre biogassanlegg i Norge, som på Eldøyane på Stord, viser at luktproblem er reelle og vedvarande. Dette er også eit av hovudargumenta i innbyggjarinitiativet som blei levert til Vindafjord kommune i juni 2025, med over 200 underskrifter. Lukt frå animalske biprodukt, fiskeslam og matavfall vil kunne påverke livskvaliteten til innbyggjarane negativt.

3. Storleiken på anlegget

Det er planlagt å behandle 226 000 tonn råstoff årleg. Dette er eit svært stort anlegg i norsk målestokk, og det er urovekkande at det ikkje er kravd full konsekvensutgreiing etter forskrift. Vi meiner at storleiken og typen råstoff gjer at tiltaket burde ha vore konsekvensutgreidd i tråd med forskrift om konsekvensutgreiing.

4. Manglande konsekvensutgreiing

Vi stiller spørsmål ved at tiltaket ikkje er vurdert å falle inn under forskrifta om konsekvensutgreiing. Ei ROS-analyse er ikkje tilstrekkeleg for å vurdere samla påverknad på miljø, helse og samfunn. Vi krev at det blir gjennomført ei full konsekvensutgreiing med uavhengige faginstansar.

5. Samfunnsmessige konsekvensar

Etablering av eit slikt anlegg vil kunne føre til:

- Redusert bustadverdi i nærområdet*
- Auka trafikkbelastning og støy*
- Risiko for utslepp til luft, vatn og grunn*
- Eksplosjonsfare og tryggleiksrisiko*

6. Trafikale utfordringar

Anlegget vil medføre stor transportmengde, både inn og ut av området, med tungtransport knytt til levering av råstoff og henting av biorest og produkt. Dette vil belaste vegnettet i og rundt Ølen, spesielt fv. 514, og skape trafikale utfordringar for både innbyggjarar og næringsliv. Det er ikkje lagt fram tilstrekkelege vurderingar av trafikkpåverknad, og dette må utgreiast grundig.

7. Uklarheit rundt råstoff

I varselet står det at anlegget skal bruke "mellom anna" animalske biprodukt, fiskeslam og matavfall. Formuleringa "mellom anna" skaper uro, då det ikkje er tydeleg kva slags

råstoff som faktisk skal inngå i produksjonen. Vi fryktar at dette kan opne for framtidig utviding til meir belastande eller risikofylt materiale, utan ny høyring eller medverknad. Det må klargjerast nøyaktig kva råstoff som skal brukast, og dette må vere bindande.

8. Krav om medverknad og open prosess

Vi ber om at det blir gjennomført folkemøte og utvida medverknad i prosessen. Det er avgjerande at innbyggjarane får reell påverknad i ei sak som kan endre nærområdet vårt fundamentalt.

Konklusjon: Vi ber om at planendringa blir stansa, og at det ikkje blir opna for etablering av biogassanlegg på Nerheim næringsområde. Vi krev full konsekvensutgreiing, konkretisering av råstoff, og ei open, demokratisk prosess der innbyggjarane blir høyrte.»

Forslagsstillars kommentar:

Visar til tilsvar under punkt 1.2.4 og 1.2.5.

1.2.12 Merknad frå Ann Iren Mosdal, datert 11.11.2025

Merknaden følgjer i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«Vi viser til varsel om oppstart av planarbeid datert 23.10.2025, og ønskjer med dette å komme med ei uttale som berørte naboar og innbyggjarar i Ølen.

1. Motstand mot lokalisering

Vi stiller oss sterkt kritiske til etablering av biogassanlegg på Nerheim næringsområde, så nær Ølen sentrum og bustadområde. Det planlagde anlegget vil ligge berre 1 km frå sentrum, og vil kunne få store konsekvensar for nærmiljøet.

2. Bekymringar for lukt og helse

Erfaringar frå andre biogassanlegg i Norge, som på Eldøyane på Stord, viser at luktpproblem er reelle og vedvarande. Dette er også eit av hovudargumenta i innbyggjarinitiativet som blei levert til Vindafjord kommune i juni 2025, med over 200 underskrifter. Lukt frå animalske biprodukt, fiskeslam og matavfall vil kunne påverke livskvaliteten til innbyggjarane negativt.

3. Storleiken på anlegget

Det er planlagt å behandle 226 000 tonn råstoff årleg. Dette er eit svært stort anlegg i norsk målestokk, og det er urovekkande at det ikkje er kravd full konsekvensutgreiing etter forskrift. Vi meiner at storleiken og typen råstoff gjer at tiltaket burde ha vore konsekvensutgreidd i tråd med forskrift om konsekvensutgreiing.

4. Manglande konsekvensutgreiing

Vi stiller spørsmål ved at tiltaket ikkje er vurdert å falle inn under forskrifta om konsekvensutgreiing. Ei ROS-analyse er ikkje tilstrekkeleg for å vurdere samla påverknad på miljø, helse og samfunn. Vi krev at det blir gjennomført ei full konsekvensutgreiing med uavhengige faginstansar.

5. Samfunnsmessige konsekvensar

Etablering av eit slikt anlegg vil kunne føre til:

- *Redusert bustadverdi i nærområdet*
- *Auka trafikkbelastning og støy*
- *Risiko for utslepp til luft, vatn og grunn*
- *Eksplisjonsfare og tryggleiksrisiko*

6. Trafikale utfordringar

Anlegget vil medføre stor transportmengde, både inn og ut av området, med tungtransport knytt til levering av råstoff og henting av biorest og produkt. Dette vil belaste vegnettet i og rundt Ølen, spesielt fv. 514, og skape trafikale utfordringar for både innbyggjarar og næringsliv. Det er ikkje lagt fram tilstrekkelege vurderingar av trafikkpåverknad, og dette må utgreiast grundig.

7. Uklarheit rundt råstoff

I varselet står det at anlegget skal bruke "mellom anna" animalske biprodukt, fiskeslam og matavfall. Formuleringa "mellom anna" skaper uro, då det ikkje er tydeleg kva slags

råstoff som faktisk skal inngå i produksjonen. Vi fryktar at dette kan opne for framtidig utviding til meir belastande eller risikofylt materiale, utan ny høyring eller medverknad. Det må klargjerast nøyaktig kva råstoff som skal brukast, og dette må vere bindande.

8. Krav om medverknad og open prosess

Vi ber om at det blir gjennomført folkemøte og utvida medverknad i prosessen. Det er avgjerande at innbyggjarane får reell påverknad i ei sak som kan endre nærområdet vårt fundamentalt.

Konklusjon: Vi ber om at planendringa blir stansa, og at det ikkje blir opna for etablering av biogassanlegg på Nerheim næringsområde. Vi krev full konsekvensutgreiing, konkretisering av råstoff, og ei open, demokratisk prosess der innbyggjarane blir høyrte.»

Forslagsstillars kommentar:

Visar til tilsvar under punkt 1.2.4 og 1.2.5.

1.2.13 Merknad frå Lars Gunnar og Monica Berge, datert 12.11.2025

Merknaden følgjer i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«Me viser til varsel om oppstart av planarbeid datert 23.10.25. Som berørt naboer og innbygger i Ølen ønsker vi med dette å komme med en uttalelse

Kritikk mot lokalisering og størrelse

Me stiller oss sterkt kritisk til etablering av biogassanlegg på Nerheim næringsområde, så nær Ølen sentrum og boligområde. Det planlagte anlegget er stort i norsk målestokk, med ei årlig behandling på 226000 tonn råstoff. Me frykter at dette er berre er starten, og at det blir søkt om utvidelse så snart anlegget er etablert. Slik som på Stord der Renovo har søkt om og fått godkjent mer enn dobling av kapasiteten kort tid etter oppstart. Det er og ei bekymring at det vil komme søknad om endring av råstoff til farlig avfall, f.eks eddiksyre eller glycol etc, slik som på Havlia sitt anlegg på Neset i Romsdal. Ei slik utvikling vil kunne få omfattende konsekvenser for nærmiljøet, både når det gjelder boligverdi, trygghet, livskvalitet og risiko for gift utslepp.

Krav og full konsekvensutredning

Den eksisterende konsekvensutredningen for næringsfeltet har ikke blitt gjort for denne type industri. Det er merkelig og urovekkende at tiltaket ikke er krevd konsekvens utredet etter forskrift for hele område ved en slik fundamental endring av formål. Dette særlig i lys av DSB (direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap) har sagt at dette Biogass anlegget utløser plikter etter storulykke forskriften, i brev datert 19/2-25. En ROS-analyse gir ikke god nok oversikt over samlet påvirkning på miljø, helse og trygghet for oss som bor her. Vi krever ei full konsekvensutredning med uavhengige faginstanser, der følgende forhold blir vurdert:

- *Risiko for luktplager, basert på erfaring fra lignende anlegg (f.eks Renovo på Stord, 2022-2023)*
- *Potensielle helseplager og redusert livskvalitet (f.eks Renovo på Stord, 2022-2023)*
- *Økt trafikkbelastning, med stor og til dels stinkende transport inn og ut av område, knyttet til levering av råstoff og henting av biorest og produkt. Det vil belaste i og rundt Ølen, særlig rundt FV 514 og Heiabøvegen, og skape trafikale utfordringer for både innbyggere og næringsliv. Det vil og komme til å bli ei stor utfordring ved Ølen Torg og Hageland (Ebne) samt naboer på industritomten.*
- *Storulykke potensialet: Havlia biogassanlegget i Molde hadde september dette år ei stor ulykke der dei slapp ut 4000m3 med gjødsel og fiskeavfall*

Uklare råstoff og framtidig risiko

*Formulering i varselbrevet "Formålet med planendringen er å konkretisere og åpne for etablering av anlegg for biogass produksjon fra mellom anna animalske bioprodukt, fiskeslam, kjøkken- og matavfall, under dette; prosess for å utvinne biometan, bio-CO, og ivareta biorest for omgjøring til gjødsel for landbruket i fast/flytende form" skaper uro. Det må klargjøres **nøyaktig hva** som skal brukes i produksjonen, og dette må være bindende.*

Me frykter at uklare rammer kan åpne for framtidig utvidelse til mer belastende materialet uten ny høring.

Behov for medvirkning og åpen prosess.

Vi ber om at det blir gjennomført folkemøte og lagt til rette for utvidet medvirkning i planprosessen. Et digert biogassanlegg midt i Ølen vil kunne påvirke hverdagen, helsen og trivsel til oss som bor her i lang tid framover. Derfor er det avgjørende at vi får mulighet til å stille spørsmål, komme med innspill og uttrykke bekymringer – før vedtaket blir fattet. Reell medvirkning innebærer mer enn informasjon; det krever dialog, lytting og vilje til å justere planene i møte med lokal kunnskap og erfaring. Dette er ei sak som kan endre nærområde vårt fundamentalt, og det må tas på alvor.

Konklusjon

Vi ber om at planendringen blir stanset, og at det ikke blir åpnet for biogassanlegg på Nerheim næringsområde.

Vi krev

- *Fyll konsekvensutredning*
- *Konkretisering og binding av råstoff*
- *En åpen og demokratisk prosess med reell medvirkning.»*

[Forslagsstillars kommentar:](#)

[Visar til tilsvar under punkt 1.2.4 og 1.2.5.](#)

1.2.14 Merknad frå Ølen Grendautval, datert 16.11.2025

Merknaden følgjer i sin heilskap vedlagd, og blir gitt att under:

«Ølen Grendautval viser til varsel frå ARKIZELET AS datert 23.10.2025 om oppstart av planarbeid for etablering av biogassanlegg på Nerheim Næringsområde (gnr./bnr. 290/210). Vi ønskjer med dette å kome med ei formell merknad til planendringa, basert på erfaringar frå tilsvarande anlegg, gjeldande reguleringsplan og tidlegare vedtak i Vindafjord kommune.

1. Feil plassering i høve til gjeldande reguleringsplan

*Nerheim Næringsområde er i gjeldande plan regulert for **lettare industri**, og kommunen uttrykte ved opprettinga av området eit tydeleg ønske om å unngå **samanblanding av ulike industri- og verksemtypar**.*

Dette for å sikre gode driftsvilkår for eksisterande og framtidige bedrifter, og for å hindre miljøulemper som støy, lukt og tungtrafikk tett på sentrumsnære område.

*Eit biogassanlegg av planlagd storleik fell naturleg inn under **tyngre industri, energianlegg eller avfallsbehandling**, og er difor ikkje i samsvar med reguleringsformålet.*

Tiltaket vil endre karakteren av næringsområdet på ein grunnleggjande måte og skape ei uheldig blanding av verksemdar med ulike miljøkrav og påverknad.

2. Sammenblanding med annan næringsverksemd

*Eit stort biogassanlegg med tungtransport, luktfare og døgntinuerleg drift vil vere i direkte konflikt med formålet at Nerheim skulle være et område **for små og mellomstore bedrifter innan lettare industri, handverk og lagerverksemd**.*

*Bedrifter som **Berge Sag** har allereie uttrykt uro for etablering i nærleiken av eit biogassanlegg, både med tanke på lukt og konsekvensar for kundetilgang og arbeidsmiljø. Ein slik etablering vil skape utryggleik for vidare investeringar og hemme etableringsvilje for verksemdar som elles ville ha bidrege positivt til lokal næringsutvikling.*

3. Erfaringar frå tilsvarande anlegg – lukt og miljøulemper

*Erfaringane frå **Renevo-anlegget på Stord** og fleire andre biogassanlegg i landet viser at lovnader om luktfrie løysingar sjeldan vert haldne i praksis.*

*Lukt er ein uunngåeleg del av biogassproduksjon, særleg når råstoff som husdyrgjødsel og fiskeavfall inngår. Dette har i fleire tilfelle ført til **betydelige naboklager, helseplager og fall i bustadverdier**.*

I Ølen ligg næraste bustader berre om lag 200 meter frå planlagt anlegg, medan sentrum ligg knapt 1,5 kilometer unna. Topografien og dei lokale vindforholda aukar risikoen for at lukt vert ført nedover dalføret og inn mot bustadområde og sentrum.

Slike forhold er uforenlege med målsetjinga om å utvikle Ølen som eit triveleg og attraktivt bummiljø.

4. Vindafjord som jordbrukskommune – behov for alternativ plassering

*Vindafjord kommune er ein **landleg jordbrukskommune** med geografisk spredt bebyggelse. Det framstår difor som merkeleg at verken Vindafjord kommune eller Biovind AS ikke har funnet alternative plasseringar med større avstand til busetnad og sentrumsnære område.*

I kommunestyremøtet vart det nemnt at kommunen fann det «ufint» å be Biovind finne ny lokasjon sidan selskapet allereie hadde kjøpt tomta og hatt kostnader knytt til dette. Etter vår vurdering tyder dette på at kommunen i ettertid erkjenner at plasseringa er feil, men ikkje ønskjer å ta ansvar for dette no.

Det er difor særleg viktig at Statsforvaltaren tek ei uavhengig vurdering og sikrar at interessene til innbyggjarane i Ølen sentrum blir ivaretekne.

Ølen Grendautval vil understreke at vi **ikkje er motstandarar av biogassanlegg som teknologi eller tiltak for grøn energi**, men vi meiner at **denne plasseringa er feil** og vil få uakseptable konsekvensar for nærområdet.

5. Omdømme, eigedomsverdi og framtidig utvikling av Ølen

Ølen har utvikla seg som eit attraktivt bustadområde med gode offentlege tenester, aktivt næringsliv og tilgang til natur- og rekreasjonsområde. Plassering av eit stort biogassanlegg på Nerheim vil kunne svekke dette omdømmet og få følgjande konsekvensar:

- redusert **attraktivitet som bustadområde**,
- fall i **eigedomsverdiar** i næraste område,
- svekka **etableringsvilje** for nye verksemder,
- og lågare **interesse for bustadbygging og tilflytting**.

Det ligg òg **fleire turveggar ved Nerheim** som er mykje brukte av innbyggjarane. Desse turvegane er viktige for folkehelse, friluftsliv og trivsel, og utgjer eit sentralt nærmiljøtilbod for Ølen.

Kryssing av **fylkesveg 514 i Eiodalen** er allereie krevjande, med dårleg oversikt og mykje trafikk – særleg knytt til planteutsalet og trafikk mot Sauda, Vikedal og Sandeid. Ein ytterlegare auke i tungtrafikk vil forverre tryggleiken for mjuke trafikkantar som nyttar området dagleg.

Ved gravferder går det **kortesjar frå Ølen kyrkje til kyrkjegarden**, ein kort strekning som krev rolege og verdige omgivnader. Luktplager frå biogassanlegget vil vere svært uheldig og respektlaust i slike situasjonar.

Det må òg peikast på at ein framtidig **flytting av Europavegen ut av sentrum og mot Nerheim**, naturleg vil kunne føre til utvikling av **kollektivknutepunkt, energistasjonar, rasteplassar og andre servicetilbod** i nærområdet.

Dette vil kunne gi store moglegheiter for lokal utvikling, arbeidsplassar og styrking av Ølen som regionsenter.

Etablering av eit biogassanlegg i dette området kan få ein **hemmande effekt** på slik naturleg infrastrukturutvikling, då lukt, tungtrafikk og miljøulempar vil vere uforenlege med etablering av servicetilbod retta mot reisande og publikum.

Samla sett vil desse faktorane svekke både bumiljø, framtidige utviklingsmoglegheiter og det langsiktige omdømmet til Ølen.

6. Konklusjon og krav

Ølen Grendautval meiner at plassering av biogassanlegg på Nerheim Næringsområde er uheldig og i strid med både gjeldande reguleringsplan og kommunens langsiktige mål for utvikling av Ølen.

Vi ber om at:

1. *Alternative lokasjonar utanfor tettstad og bustadområde blir vurdert på nytt*
2. *Tidlegare føringar om å halde tung industri adskilt frå lettare næring vert oppretthaldne.*
3. *Erfaringar frå eksisterande biogassanlegg blir lagt til grunn i den vidare behandlinga.*
4. *Verknader for bustadverdi, etableringsvilje, omdømme og helse vert grundig utgreidde før vidare vedtak.»*

Forslagsstillars kommentar:

Feil plassering i høve til gjeldande reguleringsplan

Det er Vindafjord kommune sine politiske vurderingar om sal av eigedomen til dette formålet som ligg til grunn for plasseringa av anlegget. I *Konsekvensutredning-lukt* kjem det fram at lokasjonen av anlegget er svært god mtp. terrengforhold og vêrforhold.

Eit biogassanlegg fell inn under formål industri, det er ikkje eit energianlegg eller avfallsbehandlingsanlegg.

Sammenblanding med annan næringsverksemd

Ein forstår uroa for etableringa av eit biogassanlegg. Samstundes er det utført særskilte rapporter av fagkunnige for å varetek at endringa til biogassanlegg og de påverknadane detta medføre utover tidlegare vurderte forhold. Det er vedlagt rapporter;

- *Trafikk og mobilitet*, utarbeida av Asplan Viak, datert 26.05.2017
- *Trafikkvurdering*, utarbeida av Norwaste, datert 24.11.2025
- *Luktrisikovurdering – Spredningsberegning av potensielt luktutslipp*, utarbeida av Norwaste, datert 01.10.2024
- *Vurdering av forhold knyttet til lukt*, utarbeida av Recul, datert 23.11.2025
- *Miljøriskovurdering*, utarbeida av Norwaste, datert 11.03.2025
- *Fase 1 Tilstandsrapport – Forurensset grunn i henhold til IED-direktivet*, utarbeida av Norwaste, datert 13.03.2025
- *VA-rammeplan*, utarbeida av Teknaconsult, datert 26.11.2025
- *Vurdering av støy og luftforurensning ifm. reguleringsendring*, utarbeida av Brekke og Strand, datert 26.11.2025
- *Brannteknisk vurdering*, utarbeida av Firesafe, datert 26.11.2025
- *Branndekning*, utarbeida av RH-oppmåling, datert 11.11.2025
- *Konsekvensutredning – lukt*, utarbeida av Recul, datert 03.12.2025
- *KU-sammenstilling*, utarbeida av Teknaconsult, dat. 04.12.2025

Planar for utbygging er festa i ein ROS-analyse som er utført i tråd med DSB sin rettleiar. *ROS-analyse* datert 26.11.2025 er utført av sakkunnig Teknaconsult, og vurderer følgjer av planlagt utbygging. Her er også vurdert avbøtande tiltak som er sikra i føresegner.

Erfaringar frå tilsvarande anlegg – lukt og miljøulemper

Lukt er handsama som ein av dei viktigaste tema i saka. Det er utført eigne utgreiingar på temaet lukt i ulike fasar av prosjektet for å oppnå best mogleg luktreduksjon:

1. Luftrisikoavurdering utarbeida av NORWASTE, dat. 01.10.2024
2. Vurdering av forhold knyttet til lukt, utarbeida av Recul, dat. 23.11.2025
3. Konsekvensutredning-lukt, utarbeida av Recul, dat. 03.12.2025
4. KU-sammenstilling, utarbeida av Teknaconsult, dat. 04.12.2025

Samlet sett viser vurderingane i KU at det planlagde anlegget kan etablerast utan at naboar får luktulemper, føresett at dei tekniske løysingane og driftsrutinane beskrive i planen blir følgde. Dette er fullt ut realistisk for eit moderne anlegg som dette. Det visast til kapittel 6.1.1 og 6.1.2 kor tema lukt er vurdert.

Handtering i planføresegner;

Luktutslepp skal regulerast i løyver gitt etter forurensningsloven (TA-3019).

Figur 34: Utklipp av føresegnene for felt IND, kjelde: Arkipelet

Andre naudsynpte avbøtande tiltak er innarbeida i planføresegner. For å sjå til at drifta av anlegget er forsvarleg skal det handterast gjennom ein miljøoppfølgingsplan (MOP).

Handtering i planføresegner;

Det skal utarbeidast ein miljøoppfølgingsplan (MOP), som eit sentralt styringsverktøy for miljøleing av anlegget. Planen skal beskrive kordan miljømessige forhold skal overvakast, kontrollerast og rapporterast gjennom anleggets driftsfase. Planen skal vera eit «levande» dokument og skal brukast for å førebu, overvaka og handtera miljøpåverknadar på ein systematisk og dokumenterbar måte.

Figur 35: Utklipp av føresegner for felt IND, kjelde: Arkipelet

Merknaden visar og til andre anlegg. Å dra inn andre bedrifter sitt anlegg som ikkje har overhalde gitte løyver kan ikkje vere bestemmande for denne saka.

Vindafjord som jordbrukskommune – behov for alternativ plassering


Den sentrale geografiske plasseringa til Ølen midt mellom fleire aktive landbrukskommunar på indre Hauglandet, gjer at det er fornuftig å plassera eit slikt anlegg på Nerheim. Her ligg areala lett tilgjengelege frå hovudvegnettet og infrastrukturen i området er gitt ferdigattest. Anlegget vil hjelpe utviklinga av Ølen ved å leggje til rette for næringsutvikling og vekst.

Visar igjen til at dette er ein politisk bestemt lokalisering av anlegget.

Omdømme, eiedomsverdi og framtidig utvikling av Ølen


Ved å følge utsløppsløyve og avbøtande tiltak som kjem fram av ROS-analyse og vidareført i føresegnene så skal ikkje anlegget føre til redusert bukvalitet, eiedomsverdiar og etableringsvilje for verksemdar og bustadbygging/tilflytting.

Ut frå turkart (ut.no) visar at det er ein markert turløype til Svalafjellet som går frå E 134 via Nerheim næringsområde og ut i terreng. Denne løypa er ikkje i konflikt med planområdet. Internt gjennom Nerheim næringsområde går det løyper opp til det same område. Dette er landbruksveggar som er varetaken flytta til grønstruktur i dagens gjeldande plan.




Figur 36: Oversikt turveggar i området, planområdet markert raudt, kjelde: ut.no, rev. Arkipelet

Kyrkjegarden ligg 1,2 km frå anlegget; av *Konsekvensutredning-lukt* utarbeida av Recul, kjem det fram at kyrkjegarden ikkje vil bli påverka av lukt ved normal drift av anlegget.



Figur 37: Utklipp fra rapport, kjelde: Recul

